



Sunnfjord
kommune



Økonomiplan 2021 - 2024

Sunnfjord kommune

Dokument er ajourført i samsvar med kommunestyre 18.06.2020 sak 052/20 (med unntak av hovudoversikter i vedlegg).

Innhold

Kommunedirektøren si innleiing	3
Vedtak i kommunestyre 18.06.2020 sak 052/20:	4
Kapittel 1 – Målsettingar for økonomiplanen.....	6
Mål for kommunen	6
Kapittel 2 – Klimaomstilling i Sunnfjord kommune	8
Klimarekneskap og klimabudsjett.....	8
Kapittel 3 - Demografi	9
Kapittel 4 - Økonomisk utvikling i planperioden	12
Handlingsreglar	12
Økonomiske framskrivingar i økonomiplanen	13
Konsekvensjustert økonomiplan 2021-2024	16
Kapittel 5 – Drift	16
5.1 Stab og støtte	16
5.2 Skule	19
.3 Barnehage.....	20
.4 Helse og Sosial.....	23
5.5 Omsorg.....	29
5.6 Kultur og idrett	31
5.7 Teknisk og miljø.....	36
5.8 Effektiviserings- og innsparingstiltak	39
5.9 Prioriterte driftstiltak	41
5.10 Disponering av reformstøtte.....	42
Kapittel 6 – Investeringar i økonomiplanen.....	44
Investeringsbehov og planar for kommunen	44
Finansiering.....	44
Prosjektomtale.....	46
Vedlegg.....	53

Kommunedirektøren si innleiing

Kommunestyret vedtok i desember 2019 budsjett og økonomiplan for Sunnfjord kommune 2020 -2023. Det var krevjande å transformere dei fire kommunane sine budsjett og økonomiplanar til eitt budsjett og ein økonomiplan i innspurten av samanslåingsprosessen.

Det første driftsåret i Sunnfjord kommune viser pr. mai anslag på meirforbruk i drifta på 50 mill. kroner. I tillegg kjem økonomisk konsekvens av Koronavirus-pandemien.

Våren 2020 har vi gjennomført rullering av økonomiplan 2021 – 2024 med fokus på å få fram det samla behovet. Dette for å kunne gjere gode vurderingar og prioriteringar i planperioden.

Sunnfjord kommune har målsetting om å sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarar og vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane. Med bakgrunn i desse målsettingane er det lagt til grunn ein folketalsvekst i Sunnfjord kommune på nivå med landet, dvs. 0,7 %. Det er venta fleire eldre og færre barnehagebarn og skuleelevar i planperioden.

Sunnfjord kommune har eit årleg driftsbudsjett på ca. 2000 mill. kroner og eit årleg investeringsbudsjett på ca. 150 mill. kroner inkludert meirverdiavgift.

Hovudkonklusjonane i økonomianalyse av Agenda Kaupang er at Sunnfjord kommune har god tenestekvalitet, middels gode finansar og eit høgt kostnadsnivå i tenestene samanlikna med Kommunegruppe 13 (kommunar med folketal mellom 20.000 og 120.000).

Kommunar med sunn og berekraftig økonomi er kjenneteikna med netto driftsresultat på 1,75 %, netto lånegjeld på 50 % og disposisjonsfond på 10 % av brutto driftsinntekter.

Handlingsreglar for Sunnfjord kommune i planperioden er netto driftsresultat på 1,75 %, netto lånegjeld på 100 % og disposisjonsfond på 5,8 % av brutto driftsinntekter.

Økonomiplanen har tre hovudfokusområde:

Det er **prioritert investeringar** innanfor handlingsregelen om at lånegjelda ikkje skal auke, med unntak av kjøp av Hafstad vidaregåande skule.

Det er **prioritert driftstiltak** innan handlingsrommet i økonomiplanen. Handlingsrommet er avgrensa og inntektsutviklinga er usikker. Vekst i brukarar innan omsorgstenestene er hovudprioritet.

Kommunedirektøren tilrår derfor at vi gjennomfører **effektiviserings- og innsparingstiltak** i samsvar med det dei tre arbeidsgruppene har utarbeidd. Det gir årleg innsparing på 53 mill. kroner i 2024. Dette gir auka handlingsrom til å prioritere fleire driftstiltak i planperioden.

Dei første månadane i ny kommune viser at Sunnfjord kommune har store økonomiske utfordringar. Kommunedirektøren meiner økonomiplanen 2021-2024 er eit svært viktig styringsverktøy for Sunnfjord kommune gjennom dei prinsipp og prioriteringar som blir lagt i planen. Skal vi lukkast med å løyse utfordringane må vi skaffe oss økonomisk handlingsrom, vere tolmodige, jobbe målbevisst og få til eit godt samarbeid mellom administrasjonen og det politiske systemet. Det er stor usikkerheit om den økonomiske utviklinga i planperioden.

Sunnfjord, 28.05.2020

Ole John Østenstad

Kommunedirektør

Vedtak i kommunestyre 18.06.2020 sak 052/20:

1. Økonomiplan for perioden 2021 -2024, dagsett 28.05.2020, for Sunnfjord kommune vert godkjent, med følgjande tillegg:
 - a) Husleigetilskot til Dragehallen vert løyvd med kr. 500 000 per år i perioden 2021 til 2023. Finansiering for 2021 vert som tilrådd. Finansiering for 2022 vert henta ved auka innsparing på administrasjon med kr. 500 000 i 2022. Finansiering for 2023 vert henta ved å legge tiltak 20, innkjøpsressurs, ut til uprioriterte tiltak. Tiltaket vert lagt inn som ny prioritet 14 som prioritert driftstiltak.
 - b) Dersom kommunestyret i skulebruksplanen legg opp til vidare skuledrift i bygningane som no rommar Førde Barneskule, vil ein komme tilbake til finansiering av oppgradering av skulen når økonomiplanen skal rullerast i 2021.
 - c) Kommunestyre ber kommunedirektøren komme med en egen sak der en vurderer fordeler og ulemper ved om ny barnehage i Førde skal bygges i privat eller offentlig regi.
 - d) Kyrkja i Sunnfjord og Sunnfjord kommune gjer avtale i 2020 om korleis rekne tapt tenesteyting for kyrkja, i samband med kommunesamanslåinga. Kostnaden må kompenseras som årleg auke i driftstilskotet frå kommunen i økonomiplanen 2021-2024. Tiltaket har ikkje økonomiske konsekvensar for Sunnfjord kommune. I tillegg til kompensasjon for tapt tenesteyting, må innsparingskravet frå kommunen til kyrkja reduserast med kr. 280.000 frå og med 2021. Tiltaket vert finansiert med auka innsparingskrav i Sunnfjord kommune sin administrasjon.
 - e) Det vert sett av kr. 2 mill. i 2021 til prosjektering av ny symjehall i Førdehuset. Rehabilitering bygg vert redusert med 2 mill. i 2021
 - f) Kommunestyret meiner at strukturendringar for biblioteka må utgreiast, og det må finnast innsparingar utan at bibliotek vert lagt ned. Kommunestyret ber om at det vert utgreidd kva innsparing det er mogeleg å oppnå ved samlokalisering av bibliotektenesta med andre funksjonar. Innsparinga vert å vurdere i samband med budsjettet for 2021.
 - g) Det må arbeidast for at næringslivet kjem sterkare i inn når det gjeld finansiering av Sunnfjord Utvikling. Kommunestyret vil vurdere innsparingskravet for Sunnfjord Utvikling på nytt i 2021.
 - h) Sunnfjord kommune disponerer 400 bustader og andre eigedommar. Sal av bustader som har ein for låg utleige grad, og sal av eigedommar bør gjennomførast for å realisere nødvendige investeringar.
 - i) Organisering av matombringning vert auka med delar av innsparingskravet med kr. 300.000 i 2021 og kr. 150.000 i 2022, medan ein finn ei tilfredsstillande ordning gjennom det frivillige. Finansierast gjennom innsparing i administrasjon.
 - j) Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake med ei sak om klimarekneskap og budsjett i løpet av september 2020, med tanke på politisk prioritering. Kommunestyret vil begynne arbeidet med klimabudsjett i forbindelse med økonomiplanen i 2021. Referanseår bør vere 2009.
 - Tiltak i Klimaomstillingsplanen ein må søkje finansiering for i samband med budsjettet for 2021.
 - Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om aktuelle klimatiltak kan finansierast gjennom klimasatsordninga, som stortinget har auka med 50 millionar kroner i samband med krisepakken. Aktuelle tiltak kan mellom anna vere: Forprosjekt autonome bussar, Strategi for klimavenleg og aktiv transport, forprosjekt for sirkulær økonomi og teneste- elsyklar.
 - Vidare må det undersøkjast om Enovafinansiering kan vere aktuell for infrastruktur tiltak som lading av køyrety.
 - k) Naturkartlegging: Kommunen søkjer ekstern finansiering for kartlegging av naturverdiar. Det leggst til grunn at ein god del administrativt arbeid knytt til å samle eksisterande informasjon nyttar interne ressursar i administrasjonen. Behov for tilskudd av eigne midlar sjåast på i arbeidet med budsjettet for 2021.

l) Endre tekst til 1. driftstiltak : Vekst brukarar i omsorgstenestene

Grunngjeving:

- styrke tenestene ut frå vurdert behov
- styrke grunnbemanning i omsorgstenestene
- motverke høgt sjukefråver
- utjamning skilnaden i bemanningsnorm ved omsorgssentera

m) Sunnfjord kommunestyre ber administrasjonen å klargjere planar for Friskhuset i Naustdal i 2021. Samtidig ber kommunestyret at utarbeiding av plan for omsorgsbustadar vert klargjort slik at omsorgsbustadar i Naustdal vert bygd og planlagt samtidig med Friskhuset.

n) Legge til punkt 4 under 5.1, Stab og støtte «Lærlingar» som nytt prioritert driftstiltak nummer 26.

2. Framlegg til disponering av reformstøtte omtalt i kapittel 5.10 vert løyvd i 2020. Budsjettet vert revidert i samsvar med disponering.



Kapittel 1 – Målsettingar for økonomiplanen

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen sin utvikling. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen vert utarbeidd for ein periode på 12 år og vert revidert kvart fjerde år.

Vi har starta arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen for Sunnfjord kommune. Arealdelen av kommuneplanen vil ha oppstart etter at samfunnsdelen er vedteken vinteren 2020/21.

Normalt vil økonomiplanen innehalde ein handlingsplan som konkretiserer korleis kommuneplanen skal følgjast opp dei neste 4 åra, og der økonomiplanen viser korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå måla. Fordi kommuneplanen sin samfunnsdel vert vedteken vinteren 2020/21, vil det første vere ved rullering av økonomiplan 2022-2025 vi vil få på plass handlingsplanen.

Målsettingane i økonomiplan 2021-2024 byggjer difor på intensjonsavtalen, kommunen sine visjonar og verdiar og FN sine bærekraftsmål.

Mål for kommunen

Intensjonsavtala

Mål

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

Delmål

- Skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skapa attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø

Visjon og verdiar

Visjonen til Sunnfjord kommune er: **Saman blir vi drivande gode**

Verdiar: Vi er *EIN* Engasjert

- Ein engasjert kommune er ein kommune som til ei kvar tid veit at dei jobbar for innbyggjarane.
- Kommunen bryr seg om menneske, bygg, natur og kommunen si framtid, er handlekraftige og har god driv framover.
- Den engasjerte kommunen er bygd på kompetente, kunnskapsrike og framtidretta menneske, som vil kommunen sitt beste, og som står på for å hjelpe og yte service.

Inkluderande

- Ein inkluderande kommune er ein raus og open kommune med tilsette som møter alle med respekt.

- Kommunen ser alle, og søker å møte alle sine behov på ein open og imøtekommande måte.
- Kommunen er samlande for alle som arbeider der.

Nær

- Ein nær kommune er ein kommune du har tillit til. Ein nær kommune kjenner innbyggerane sine og tar dei på alvor.
- Innbyggerane kjenner seg trygge i møte med kommunen, og dei veit at dei som arbeider der er til å stole på.
- I kommunen jobbar ein tett med kvarandre – og tett på innbyggerane.

FN sine bærekraftsmål


FN sine bærekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane.



Kapittel 2 – Klimaomstilling i Sunnfjord kommune

Sunnfjord kommune er i gang med oppfølging av FN sitt berekraftsmål nr. 13. Klimaomstillingsplanen for 2019-2030 blei vedteken juni 2019. Fleire av tiltaka i handlingsprogrammet for 2019-2022 er starta opp.


Det er eit hovudmål i planen å redusere klimagassutsleppa i Sunnfjord kommune med minst 40 % fram til 2030 i forhold til 1990. Dette gjeld dei direkte utsleppa innanfor kommunegrensa. Den samla klimarekneskapen viser likevel at dei største utsleppa kjem i frå forbruket frå innbyggjarane, som omfattar både direkte og indirekte utslepp. Figuren nedanfor viser at Sunnfjord kommune har eit samla påverknadspotensial på minst 370 000 tonn CO₂-ekvivalentar (kt = kilotonn).



Klimarekneskap og klimabudsjett

Klimanettverket for Sunnfjord, Gloppen og Kinn har i 2019-20 jobba med eit grunnlag for klimabudsjett. Erfaringa frå nettverket tilseier at klimabudsjett og – rekneskap er heilt sentrale styringsverktøy for å jobbe heilskapleg og målretta med klimaomstilling i kommunane.


Det er difor ei målsetting at økonomiplanen frå og med 2022 inneheld eit klimabudsjett og at det blir gjennomført eit førebauende arbeid med klimarekneskap og tiltaksanalyse i 2020-21. I dette ligg det at handlingsprogrammet for klimaomstillingsplanen blir kobla saman med det kommunale årshjulet. Klimagassreducerande tiltak blir talfesta slik at dei kan bli prioritert på grunnlag av forventta effekt og økonomisk kostnad. Både tiltak i eiga verksemd og i kommunen som geografisk område blir inkludert. Det blir også etablert eit sett med indikatorar som fortel korleis klimafotavtrykket av innbyggjarane utviklar seg.



For å etablere eit tilstrekkeleg grunnlag for klimabudsjett, må kommunen fastsette ei ny målsetting for utsleppskutt basert på nyare og betre statistikk enn 1990. Kommunedirektøren

tilrår 2018 som referanseår. I tillegg må innhaldet i handlingsprogrammet reviderast jamleg ut i frå kva tiltak som er aktuelle.

Figuren nedanfor illustrerer klimabudsjettet for Sunnfjord kommune. Den blå streken viser framskriving av dei direkte utsleppa dersom ein ikkje gjennomfører nye tiltak i Norge (nasjonalbudsjettet). Søylen viser årlege utsleppsbudsjett dersom kommunen til dømes vil redusere utsleppa med 50 % i høve til 2018. Gapet mellom referansebana og søylene er det samla utsleppskuttet fram til 2030. Dersom kommunen ikkje klarer å redusere utsleppa innanfor budsjettet eitt år, må klimabudsjettet for det neste året reviderast og innehalde nok tiltak for å utjamne «overforbruket» året før. På same vis vil eit «underforbruk» eitt år vere overførbart til neste år.



Kapittel 3 - Demografi

Både inntektsutvikling og utgiftsbehovet til ein kommune er nært knytt til utvikling og samansetting i befolkninga.

Ved inngangen av 2020 hadde Sunnfjord 22 030 innbyggjarar. Ved middels nasjonal vekst vil vi ha 23 397 innbyggjarar i 2040. Folketalsveksten er positiv, men den prosentvise folketalsveksten er lågare enn i Vestland fylke og landet som heilheit. Ein lågare vekst enn landet vil gje utslag på dei forventa inntektene til kommunen.



Det er stor usikkerheit om utvikling i folketalet. Prognose frå SSB er frå 2018 og vert oppdatert i august 2020. Låg innvandring og låge fødselstal kan tyde på lågare folketalvekst både nasjonalt, regionalt og lokalt ved oppdaterte prognoser.

Sunnfjord kommune har i inntektsutviklinga i økonomiplan 2021-2024 lagt til grunn ein folketalvekst på same nivå som landet, dvs. 0,7 %: Siste 3 åra har Sunnfjord kommune hatt ein folketalvekst på 0,3 %. Det er derfor ei noko optimistisk folketalutvikling.

Kommunedirektøren meiner dette kan forsvarest ut frå at kommunen har gode føresetnader for vekst og utvikling.

I dei påfølgjande figurane er utviklinga vist som indeksar der tal innbyggjarar ved inngangen av 2020 = 100 %. Det betyr at figurane gir uttrykk for endringar i det demografiske behovet samanlikna med 2020.

I Sunnfjord kan ein forvente ein kraftig auke i utgiftsbehovet innan pleie- og omsorgssektoren fram mot 2040 (75,5 %). Dei øvrige sektorane er venta å avta i same periode. Dette gjeld spesielt oppvekstsektoren, der det er venta ein nedgang i utgiftsbehov innan barnehage (4,4 %) og grunnskole (21,6 %).



Tabellen under er eit anslag på kva demografikostnadane vil utgjere i 2020-kroner. Meir- (+) og mindreutgiftene (-) som følgje av befolkningsendring er fordelt på dei ulike sektorane.

Figur 3.4 Merutgifter som følge av befolkningsendringer

Demografikostnader, utvikling i mill. kroner (MMMM)

Tjeneste

Alle

Tjeneste	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2030	2035	2040
Barnehage	29	20	17	7	1	0	-10	-14	-15	-15	-14	-9	-5	-9
Barnevern	1	1	1	1	0	0	-2	-2	-3	-4	-4	-7	-10	-11
Grunnskole	-9	-4	-2	6	4	0	-6	-13	-19	-28	-36	-73	-80	-76
Helse	-3	-2	-1	-1	0	0	0	1	1	2	2	5	8	11
Pleie og omsorg	-27	-27	-26	-16	-6	0	9	11	17	22	30	118	212	320
Sosial	-1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	0	-1
Sum tjenester	-9	-13	-12	-3	-1	0	-8	-17	-19	-23	-22	36	126	235

* Utvikling i mill. kroner. 2020 = 0.

Den samla kostnadsveksten frå 2020 til 2040 er anslått til 235 mill. kroner, dersom ein legg til grunn uendra standard, produktivitet og dekningsgrad, samt konstante gjennomsnittskostnadar.


Kapittel 4 - Økonomisk utvikling i planperioden

Handlingsreglar

Kommunar med sunn og berekraftig økonomi, og stort handlingsrom, er kjenneteikna ved netto driftsresultat (overskot) på minimum 1,75 %, netto lånegjeld på 50 % og disposisjonsfond på 10 % av brutto driftsinntekter.

I økonomiplanen legg ein opp til lånegjeld over anbefalt nivå, men på høgde med KOSTRAGruppe 13. Disposisjonsfond er under anbefalt nivå og må sjåast i samanheng med gjeldsgraden. Etter ny kommunelov er kommunane pliktig å vedta handlingsreglar for definerte nøkkeltal. Fellesnemnda vedtok [handlingsreglar](#) for Sunnfjord kommune i 2019, og desse ligg til grunn i forslag til økonomiplan.

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



Ein held fast på handlingsregel om å halde nivået på disposisjonsfond gjennom planperioden.

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Handlingsregelen seier at nye låneopptak (utanom Husbanklån) ikkje skal overstige avdragsutgiftene. Vekst i driftsinntekter vil då medføre at netto lånegjeld i % vil synke over tid.

Gjeldsgraden aukar likevel i 2023. Årsaka er det planlagde kjøpet av Hafstad vidaregåande skule, ei investering budsjettert til 100 mill. kroner. Investeringa er ekstraordinær, men går utover det handlingsregelen gir rom for. Dette gir ei høgare gjeldsgrad frå 2023, til tross for at ein held seg innanfor handlingsregelen i åra før og etter.

Vedteken handlingsregel seier også at den langsiktig gjelda ikkje skal overstige 130 % av driftsinntektene. KOSTRA definerer lånegjeld på ein annan måte, som gir ein lågare gjeldsgrad i prosent. I figuren over er gjeldsnivået i Sunnfjord berekna på same måte som i KOSTRA. Dette gir eit betre samanlikningsgrunnlag enn tidlegare. Ny handlingsregel¹ er korrigert ned til 100 % frå 2020, som følgje av dette.

Økonomiske framskrivingar i økonomiplanen

Endringar i driftsbudsjettet utover i planperioden.

Folketal og demografi

Det er i anslag på skatt og rammetilskot lagt til grunn ein folketalsvekst i Sunnfjord kommune i økonomiplanperioden på 0,7 % pr. år. Det er same nivå på folketalsveksten som i landet.

Skatt og rammetilskot

Staten vil legge til rette for at kommunane kan levere nødvendige tenester så lenge dagens unntakssituasjon varer, og at vi skal kunne gjere det når situasjonen blir normalisert. Uavhengig av den aktuelle situasjonen må imidlertid kommunesektoren dei komande åra pårekne strammare inntektsrammer. Bidraget til finansiering av offentlege utgifter frå oljeinntektene vil avta. Samtidig vil kommunane sine meirutgifter knytt til den demografiske utviklinga auke sterkt utover det komande tiåret. Utviklinga medfører at det blir stadig viktigare

¹ Vedteke handlingsregel om langsiktig gjeld under 130 % av driftsinntekter er ikkje samanliknbar med KOSTRA. Langsiktig gjeld, slik det vart definert i saka, gir ein for høg teller, mendant driftsinntektene, slik det vart definert i saka, gir ein for låg nevner. Feil brøk gir for høg gjeldsgrad i %. I ny berekning er KOSTRA sin berekningsmetode lagt til grunn. Altså: Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter. Teller = langsiktig gjeld eksl. Pensjonsforpliktingar, fråtrukne totale utlån (fomridingslån) og unyttå lån. Henta får balanserekneskapet. Nevner = anslag brutto driftsinntekter. Gjeldsgrada i % av inntekter er gått ned som følgje av ny berekning. Handlingsregelen er justert for ny berekningsmetode fom. 2020

at kommunane har ei effektiv drift og god økonomistyring for å kunne levere gode tenester til innbyggerane, og at kommunane jobbar systematisk med innovasjon og ny teknologi som kan bidra til betre tenester og meir effektiv drift.

I revidert nasjonalbudsjett for 2020 er anslaget for skatt på inntekt og formue redusert med 4 mrd. kroner. Samtidig er kommunane kompensert med totalt 5,15 mrd. kroner som følgje av covid-19 (3,75 mrd. kroner i generell kompensasjon, 1 mrd. kroner for inntektsbortfall i skule og barnehage og 0,4 mrd. kroner i skjønstilskot). Regjeringa føreslår i tillegg ei auka bevilgning på 620 mill. kroner knytt til pandemien. Desse midlane vert tilført etter ei særskilt fordeling og er derfor ikkje med i tal for Sunnfjord kommune.

Oppgåveendringar, nytt avtaleverk og liknande gir auka rammetilskot til kommunane i 2020 på totalt 732 mill. kroner, der utsetjing av overføring av skatteoppkrevjar til 01.11.2020 utgjer 460 mill. kroner og 266,6 mill. kroner gjeld endringar i basistilskot og grunntilskot til fastlegar frå 01.05.2020.

I [kommuneproposisjonen 2021](#) legg Regjeringa opp til ein realvekst i kommunane på 1,6 til 2 mrd. kroner.

Tabellen nedanfor oppsummerer endringar i skatt og rammetilskot for Sunnfjord kommune. Kompensasjon for tapt inntektsutjamning på 4 mill. kroner er vidareført i planperioden. Det er lagt til grunn ein årleg realvekst i frie inntekter på 1,8 mrd. kroner i 2022-2024.

	B 2020	RB 2020	2021	2022	2023	2024
Skatteinntekter inkl. inntektsutjamning	- 674 664 000	- 657 045 000	- 675 963 000	- 675 963 000	- 675 963 000	- 675 963 000
Rammetilskot	- 700 483 000	-703 467 000	- 707 513 000	- 715 463 000	- 722 882 000	- 730 302 000
Kompensasjon koronapandemi		-21 251 000				
Kompensasjon tap inntektsutjamning	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000
SUM	- 1 379 147 000	- 1 385 763 000	- 1 387 476 000	- 1 395 426 000	- 1 402 845 000	-1 410 265 000
Endring frå året før			- 8 329 000	- 7 950 000	- 7 419 000	- 7 420 000

Tabellen viser ein vekst i frie inntekter i 2021 på 8,3 mill. kroner, 8,0 mill. kroner i 2022, 7,4 mill. kroner i 2023 og 7,4 mill. kroner i 2024.

Eigedomsskatt

Det pågår arbeid med retaksering av alle eigedomar i Sunnfjord kommune. Arbeidet skal slutførast innan 2020 slik at eigedomsskatt for 2021 kan skrivast ut basert på nye takstar. Eigedomsskatten må finansiere prosjektkostnadane på ca. 5 mill. kroner.

Det er i økonomiplanen lagt til grunn vidareføring av samla eigedomsskatteinntekter på 75,3 mill. kroner frå 2020. I tillegg er det lagt inn auka eigedomsskatteinntekter på 3 mill. kroner frå 2021 som følgje av Jølstra kraft og ytterlegare 3 nye kraftverk.

Tilskot

Integreringstilskot (flyktningar)

Integreringstilskot på 52,1 mill. kroner årleg er vidareført i økonomiplanperioden på same nivå som budsjettert i 2020. Det statlege tilskotet baserar seg på busetjing av 32 flyktningar kvart år i planperioden.

Toppfinansiering

Alle kommunar som yter særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester til enkeltmottakarar kan søke om delvis refusjon av direkte lønsutgifter knytt til desse tenestene. Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Staten kompenserer 80% av kostnadane over innslagspunktet på kr 1.361.000. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2021 vil vere basert på direkte lønsutgifter i 2020 knytte til tenestemottakarar. Statleg øyremerka tilskot til ressurskrevjande tenester er vidareført i planperioden med 59 mill. kroner årleg.

Finans

Finanspostar omfattar rente- og avdragskostnad, renteinntekter, rentekompensasjon, avkastning på plasserte midlar og utbytte.

Avdragskostnad

Kommunen betalar avdrag etter minsteavdragsprinsippet. I ny kommunelov er det gjort endringar på korleis dette skal bereknast. Avdragskostnadane vil auke frå 81 mill. kroner i 2020 til 95 mill. kroner i 2021 som følgje av ny berekningsmetode. Auken i avdragskostnader vert løyst innan handlingsrommet som ligg i budsjetterte renter.

Rentekostnad

Norges Bank sette styringsrenta til 0 % i mai i år. Det er uvanleg stor usikkerheit om dei økonomiske utsiktene og dermed renteutviklinga i planperioden. I budsjettet for 2020 er det lagt til grunn ei lånerente på 2,5 %. Dagens gjennomsnittlege lånerente er ca. 1,2 %.

Det vert ikkje tilrådd at Sunnfjord kommune aukar driftsnivået finansiert med lågare rentekostnad. Det vert tilrådd å vidareføre budsjettert lånerente på 2,5 % i planperioden. Årleg rentekostnad på 56 mill. kroner er vidareført i økonomiplanen.

Dette gir ein årleg buffer i økonomiplanen på ca. 22 mill. kroner. Det er ein viktig buffer for å balansere dei «nye» avdragskostnadane, møte økonomiske konsekvensar av Koronaviruset, og for kunne handtere usikkerheit på tidspunkt for effekt av effektiviserings- og innsparingstiltak.

Summen av budsjetterte avdrag, rentekostnader og -inntekter i 2020 er vidareført i økonomiplanperioden som følgje av dette.

Rentekompensasjon

Sunnfjord kommune får rentekompensasjon for skular, omsorgsbustadar, sjukeheim og tiltak i kyrkjer på totalt 4,5 mill. kroner i 2020. Rentekompensasjonen er nedjustert frå eit rentenivå på 3 % til 2,5 %.

Avkastning på plasserte midlar

Sunnfjord kommune har plassert 170 mill. kr med 65 % i rentefond og 35 % i aksjefond. Det er lagt til grunn ei årleg avkastning på 4,4 %. Vi vil truleg ha låg avkastning på rentefond dei første åra av planperioden. Det er derfor usikkert om vi vil oppnå budsjettert avkastning.

Utbytte

Budsjettert utbytte på totalt 27,7 mill. kroner i 2020 er vidareført. Storparten av utbytte kjem frå BKK og Sogn og Fjordane Holding. Låge straumprisar gjer utbytteneivået usikkert.

Effektiviserings- og innsparingstiltak

I gjeldande økonomiplan er det lagt inn innsparing på 12,5 mill. kroner i 2020 og 25 mill. kroner årleg frå 2021. I tillegg har vi uløyste utfordringar innan omsorg på 14 mill. kroner. Mål for effektiviserings- og innsparingstiltak er derfor sett til 40 mill. kroner. Tilråding og prioritering av tiltak er omtalt i kap. 5.

Overføring til investering

Sunnfjord kommune har handlingsregel om å ikkje auke lånegjelda. Årleg ramme for investeringar utgjer derfor det kommunen betalar i avdrag og det kommunen overfører av midlar frå drift til investering. Det er i samsvar med gjeldande økonomiplan lagt til grunn overføring frå drift til investering frå 35 mill. kroner i 2021 auka til 46 mill. kroner i 2024.

Konsekvensjustert økonomiplan 2021-2024

Tabellen nedanfor oppsummerer økonomiske endringar i økonomiplanperioden ut frå føresetnadar i gjeldande årsbudsjett 2020.

(tal i 1000 kr)	B 2020	ØP 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024
Rammetilskot	- 700 483	- 707 513	- 715 463	- 722 882	- 730 302
Kompensasjon tap inntekstutjamning	- 4 000	- 4 000	- 4 000	- 4 000	- 4 000
Skatteinntekter	- 674 664	- 675 963	- 675 963	- 675 963	- 675 963
Eigedomsskatt	- 75 300	- 78 300	- 78 300	- 78 300	- 78 300
Rentekostnad	55 787	55 787	55 787	55 787	55 787
Rentekompensasjon	- 4 514	- 3 660	- 3 558	- 3 455	- 3 350
Avkastning på plasserte midlar	- 7 072	- 7 072	- 7 827	- 8 172	- 8 531
Effektiviserings- og innsparingstiltak	- 12 500	- 25 000	- 26 000	- 26 000	- 26 000
Overføring til investering	26 300	34 830	38 748	41 063	46 294
SUM	- 1 396 446	- 1 410 891	- 1 416 576	- 1 421 922	- 1 424 365
Handlingsrom		- 14 445	- 20 130	- 25 476	- 27 919

Tabellen oppsummerer eit positivt handlingsrom på 14,4 mill. kroner i 2021 aukande til 27,9 mill. kroner i 2024.

Kap. 5 omhandlar driftsutfordringar og prioritering av tiltak innanfor handlingsrommet skissert i tabellen ovanfor.

Kapittel 5 – Drift

Delkapittel 5.1 – 5.7 presenterer dei viktigaste utfordringane og prioriterer driftstiltak for kvar av sektorane i Sunnfjord kommune. Delkapittel 5.8 omhandlar innsparingstiltak i drifta og delkapittel 5.9 oppsummerer prioriterte driftstiltak innanfor definert handlingsrom.

5.1 Stab og støtte

Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Digitalisering av arbeidsprosessar, oppgraderingar og anbudsprosessar på fagsystem, vedlikehald av integrasjonar mellom fagsystem, auke i tal brukarar/enheter og opplæring av tilsette krev kompetanse, ressursar og budsjett.

- Stab- og støtte har starta på ein effektiviserings- og innsparingsprosess med mål om innsparing i administrasjonen på 5,8 mill. kroner i stillingsressursar i planperioden.
- Tilstrekkeleg ressursar til å handtere kommunale innkjøp på tilfredsstillande måte

Prioriterte driftstiltak

Nr	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2021	2022	2023	2024	Pri.
1	Microsoft-lisensar	1 500	1 500	1 500	1 500	8
2	Lisens nye digitale løysingar	2 000	2 000	2 000	2 000	19
3	Innkjøpsressurs	650	650	650	650	
4	Lærlingar	500	1 000	1 500	2 000	26
5	Tilskot til kyrkjeleg fellestråd	1 602	1 402	1 302	1 302	
6	Kreftkoordinator	425	425	425	425	
7	Nærmiljøråd	300	300	300	300	*
8	Tilskot til breiband/ mobil	2 000	2 000	2 000	2 000	*
9	Jurist med barnevernskompetanse	500	500	500	500	
10	SyS IKT bemanning auke vekst	350	350	350	350	
11	SyS IKT bemanning 24/7	700	700	700	700	
12	Koordinator brukarar helse/omsorg	425	425	425	425	
13	Digitalisering/ organisering arkiv	1 132	1 132	1 132	1 132	
14	Internasjonalisering	150	150	150	150	
15	GEO park HAFS	100	100	100	100	

*Sjå alternativ finansiering omtalt i grunngjeving av driftstiltaket

Grunngjeving av driftstiltak

Tiltak 1: Microsoft-lisensar/teams

Kommunen har i dag ulike versjonar av Microsoft. Dette skapar vanskar både driftsmessig og hindrar effektive arbeidsmåtar. Det er planlagt overgang til å leige lisensar slik at alle sektorane har same versjon av Office. Dette aukar årleg kostnad med 1,5 mill. kroner.

Tiltak 2: Lisens nye digitale løysingar

Digitalisering av Sunnfjord kommune medfører auka lisenskostnader. Ny e-læringsløysing, ny politikarløysing, digitalisering av arkivet, digitalt internkontrollsystem, årshjul og samarbeid med DigiVestland vil medføre auka lisenskostnader.

Tiltak 3: Innkjøpsressurs

Formannskapet i Sunnfjord kommune vedtok at kommunen ikkje skal ta del i innkjøpssamarbeid i gamle Sogn og Fjordane med Kinn som vertskommune. Årleg kostnad på deltaking i innkjøpssamarbeidet er 650.000 kroner. Pr. i dag er det sett av 1 årsverk til arbeid med innkjøp. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg for å handtere nødvendige rammeavtaler for kommunen.

Tiltak 4: Lærlingar

Kommunen har i dag 1 lærling pr. 1000 innbyggjar. For å nå KS si målsetjing om 2 lærlingar pr. 1000 innbyggjar må det setjast av midlar til delfinansiering av ca. 20 lærlingar årleg. Det er behov for ein opptrappingsplan for å ny denne målsetjinga i planperioden.

Tiltak 5: Tilskot til kyrkjeleg fellestråd

Behov for auke i overføring frå kommunen til kyrkjeleg fellestråd for å finansiere auka administrativ ressurs med 40 %, auke lønskostnad ny kontor Gaular, måling av kyrkje, auke av stilling kyrkjegardsarbeidar med 20 %, meirkostnad møte- og leiargodtgjersle, kostnad

nytt datasystem, fjerning av tre ved Førde kyrkje og elveforbygging Haukedalen. Fullstendig omtale av innspel frå Sunnfjord kyrkjelege fellesråd følgjer som vedlegg.

Tiltak 6: Kreftkoordinator

Førde kommune hadde kreftkoordinator i 50 % stilling. Behov for å auke stilling frå 50 % til 100 % for å kunne handtere heile Sunnfjord kommune.

Tiltak 7: Nærmiljøråd

Oppfølging av arbeidet i regi av Sunnfjord utvikling og tettstadutvikling i Sunnfjord kommune. Etablerte nærmiljøråd bør tilførast midlar til gode formål i sitt område. Kommunedirektøren tilrår løyving frå reform-støtta. Sjå omtale delkapittel 5.10.

Tiltak 8: Tilskot til breiband/mobil

Kommunen er ikkje i mål med tilfredsstillande breibandsdekning. Det bør setjast av kommunalt bidrag til utbygging i planperioden. Kommunedirektøren tilrår løyving frå reformstøtta. Sjå omtale delkapittel 5.10.

Tiltak 9: Jurist med barnevernskompetanse

Alternativt til eksterne kjøp av juristtenester i barnevernet kan vi tilsette jurist med kompetanse. Netto kostnad ca. 0,5 mill. kroner.

Tiltak 10/11: SyS IKT bemanning auke vekst og bemanning 24/7

Det er venta stor vekst i tal pc'ar og nettbrett når oppvekst går over til digitale lærebøker og omsorg digitaliserer arbeidsprosessar. SySIKT bør tilførast meir ressursar til å handtere veksten. I tillegg blir det stadig større forventning til oppetid på løysinga gjennom heile døgnet og i helgane. SySIKT er pr. i dag ikkje bemanna utover ordinær arbeidstid i kvardagane.

Tiltak 12: Koordinator brukarar helse/omsorg

Det er behov for ein forløpskoordinator i 50 % stilling for brukarar med samansette og alvorlege helseutfordringar.

Tiltak 13: Digitalisering/organisering av arkiv

Sunnfjord kommune sit på store mengder arkivmateriale. Pr. i dag pågår digitalisering av byggesaksarkivet. Fleire delar bør digitaliserast. I tillegg må gammalt arkiv organiserast og sikrast for ettertida på tilstrekkeleg måte.

Tiltak 14: Internasjonalisering

Det må setjast av driftsmidlar og eigenandel for å prioritere internasjonalisering.

Tiltak 15: GEO park HAFS

Sunnfjord kommune har motteke søknad om årleg tilskot på 100.000 kroner for å utvikle ein [UNESCO Global Geopark](#) i distriktet vårt.

Omtale av dei viktigaste utfordringane

5.2 Skule

- Grunnskulen har høg kvalitet i Sunnfjord kommune og det er viktig å oppretthalde fokus på vidare utvikling og kvalitet. Samstundes er demografien i endring og elevtalet vil reduserast mykje dei neste 10 åra. Skulestrukturen er drivande for økonomien, og Sunnfjord kommune brukar meir ressursar på grunnskulen enn samanliknbare kommunar. Samstundes driv vi skulen billigare enn skulestrukturen skulle tilseie. Grunnskulen må tilpassast endringane i demografien og samstundes frigjere ressursar til å løyse utfordringane og styrke skulen. Det er sett i gang eit arbeid med å utgreie den framtidige skulestrukturen i Sunnfjord kommune.
- Frå skuleåret 20/21 skal grunnskulen innføre nye læreplanar. Fagfornyinga inneber nye arbeidsmåtar og fokus på digital og teknologisk kompetanse. Digitale læremiddel vil erstatte læreboka. Djupare læring og endringar i kva eleven skal tileigne seg, krev endring og omstilling. Ei digitalisering av skulen inneber at elevane må ha tilgang til ei digital eining. I dag er dekningsgraden i Sunnfjord kommune på ca. 40%.
- Endring frå spesialundervisning til tilpassa undervisning. Det er tydelege signal om at tilpassa opplæring skal erstatte spesialundervisning for dei fleste elevane. Ei slik endring krev ressursar i klasserommet til deling og differensiert arbeid. Skulane må ha støttesystem som kan arbeide systemisk saman med skulane. PPT har ei venteliste på 3-6 månadar for å utgreie elevar og skrive sakkunnig uttale.
- Sunnfjord kommune driv skule billig i forhold til skulestrukturen. Store skular har difor få ressursar til deling og differensiert undervisning, ut over minstetimetale. Elevar som har behov for praktisk hjelp og støtte treng assistentressurs i skulekvardagen. Det er ikkje tilstrekkelig med ressursar til å løyse alle behova.

Prioriterte driftstiltak

Nr	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2021	2022	2023	2024	Pri.
1	Vedlikehald og fornying av datamaskiner og digitale læremiddel	1 500	2 500	3 500	4 500	3
2	To nye fagstillingar i PPT	2 000	2 000	2 000	2 000	18
3	Auke i tal timar til tilpassa opplæring med 40 veketimar (60 min)	2 000	2 000	2 000	2 000	23
4	Auke i tal timar til assistent med 50 veketimar	800	800	800	800	
5	Auka merkantil ressurs i skulen, harmonisering	800	800	800	800	
6	Auka merkantil ressurs i Vaksenopplæring og integrering til 80% stilling	130	130	130	130	
7	Driftskoordinator i eininga Vaksenopplæring og integrering	160	160	160	160	

Grunngjeving av driftstiltak

Tiltak 1: Vedlikehald og fornying av datamaskiner og digitale læremiddel

Det vil vere behov for å vedlikehalde maskinparken i skulen og dekke auka kostnader til lisensar. Ei berbar datamaskin har ei levetid på 4-5 år. Kostnaden til utskifting av maskiner vil få full effekt frå 2024. Fram mot 2024 vil det vere eit aukande behov for å skifte ut maskiner og digitale tavler.

Tiltak 2: To nye fagstillingar i PPT

Inneber ei styrking av PPT for å redusere ventelistene og skape rom for å arbeide systemisk saman med skulane. Målet er å få til ei endring frå spesialundervisning til tilpassa opplæring. Gjennom å styrke kompetanseteamet med to stillingar kan PPT arbeide førebyggjande saman med barnehage og skule. PPT kan rettleie skular og barnehagar i saker som er utfordrande og samansette som t.d. læringsmiljø og åtferd.

Tiltak 3: Auke i tal timar til tilpassa opplæring med 40 veketimar (60 min)

Store klassar er drivarar for å tilmelde elevar til spesialundervisning. Auke lærartettleik, gir skulane handlingsrom i arbeidet med å tilpassa opplæringa. Klassar kan styrkast ved å nytte to-lærer, eller å dele klassar i mindre grupper særleg i basisfag. Ein slik modell vil på sikt redusere behovet for spesialundervisning.

Tiltak 4: Auke i tal timar til assistent med 50 veketimar

Auka assistentressursen til elevar som av ulike årsaker treng praktisk hjelp og støtte i skulekvardagen, med 50 veketimar.

Tiltak 5: Auka merkantil ressurs i skulen, harmonisering

Ved inngangen til Sunnfjord kommune var det ulik merkantil ressurs på skulane. Den merkantile ressursen er viktig for skuledrifta og skulane bør ha like rammevilkår.

Tiltak 6: Auka merkantil ressurs i Vaksenopplæring og integrering til 80% stilling

I tillegg til merkantilt arbeid skal konsulenten svare på spørsmål frå flyktingane. Den merkantile ressursen i Vaksenopplæring og integrering er på 60%. Det er behov for å styrke ressursen for å kunne handtere dei merkantile oppgåve, og samstundes vere tilgjengeleg for flyktingane.

Tiltak 7: Driftskoordinator i eininga Vaksenopplæring og integrering

Integrering av flyktingar og innvandrarar er ein samansett prosess, som krev koordinering av mange ulike tenester. I prinsippdokumentet for Sunnfjord kommune, er eit av tiltaka å opprette ei stilling som driftskoordinator. Driftskoordinator skal styrke arbeidet med å få flyktingane tidleg ut i arbeid, eller utdanning.

.3 Barnehage

□ Plan for barnehagestruktur i Sunnfjord kommune

Som ein del av innsparingsprosessen for Sunnfjord kommune, som blei sett i gang vinteren 2020, er det bestemt at eit av tiltaka er å utarbeide ein plan for barnehagestruktur. Målet med planen er å ha ein plan for korleis Sunnfjord kommune

Omtale av dei viktigaste utfordringane

skal drive barnehagesektoren i åra framover. Planen bør reviderast i løpet av perioden. Dette då det kan skje endringar i utviklinga. Planen for barnehagestruktur bør stå i samanheng med samfunnsdelen i den overordna kommuneplanen. Arbeidet med å utarbeide planen er ein tidkrevjande prosess, der ulike interessegrupper har rett til å bli høyrte og den skal vedtakast politisk før den trer i kraft. Planen vil tidlegast ha funksjon frå barnehageåret 2021/2022 der ein kan arbeide måleretta etter planen, men den bør vere ferdig i god tid før nytt barnehageår slik at ein kan planlegge ut frå den overordna planen.

Plan for barnehagestruktur skal innehalde mellom anna eit fagleg perspektiv, organisering av den enkelte barnehagen og samla kor barnehagane bør ligge ut frå samfunnsutviklinga og status på bygga. Arbeidet med planen skal starte våren 2020.

Prioriterte driftstiltak

Nr	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2021	2022	2023	2024	Pri.
1	Tilskot til private barnehagar	3 600	3 600	3 600	3 600	2
2	Tilskot til spesialpedagogisk hjelp	3 600	3 600	3 600	3 600	19*
3	Kompetanseteam	700	700	700	700	
4	Grunnbemanning og pedagognorm	100	100	100	100	
5	Redusert foreldrebetaling	2 400	2 400	2 400	2 400	21
6	Søskenmoderasjon	900	900	900	900	

*Prioritert med 2 000 årleg

Grunngjeving av driftstiltak

Tiltak 1: Tilskot til private barnehagar

Sunnfjord kommune pliktar å gje driftstilskot til ordinær drift av private barnehagar. Tilskotet til private barnehagar er basert på 2 år gamle rekneskapstal i kommunale barnehagar. Det er i grunnlaget for utrekning av tilskotet for 2021 enkelte usikre faktorar i talmaterialet.

Grunnlaget for talmaterialet er barnetalet etter barnehageopptaket 2020. Det kan kome endringar i tal barn i dei private barnehagane. Det korrekte talet å bruke her, er tal barn som barnehagane rapporterer 15.12., og dette vil ikkje vere klart før i januar 2021. Det er nytta satsen for foreldrebetaling i 2020. Det har vore prisvekst dei siste åra, og vert det endring her vil det redusere satsane noko. Det er brukt deflator på 3,1 % for begge åra. Den endelege defaltoren er klar til hausten. Nasjonale satsar for kapitaltilskotet er lagt til grunn. Endeleg endring i kapitaltilskotet kjem til hausten. Dei fleste barnehagane er innanfor den lågaste satsen. Satsen kan påverke det samla tilskotet.

Det kan kome endringar i forskrifter for utrekninga av tilskot til private barnehagar. Eventuelle endringar vil erfaringsmessig ikkje vere klare før til hausten. Sunnfjord kommune nyttar malen for utrekning som KS og Private Barnehagers Landsforbund (PBL) har utarbeida.

Tiltak 2: Tilskot til spesialpedagogisk hjelp

Kommunen pliktar å gje midlar til spesialpedagogisk hjelp og barn med spesielle behov, §§ 19 a og 19 g i barnehagelova. Vi har kjennskap til dei som går i barnehagen i dag, men det kan kome nye barn med behov gjennom 2021.

Tiltak 3: Kompetanseteam

Kompetanseteamet i Sunnfjord kommune er eit lågterskeltilbod til barn i barnehagesektoren. Målet er at teamet skal kome tidleg inn med tiltak for at barn ikkje skal ha bruk for spesialpedagogisk hjelp. I dag er teamet bemanna med 3 årsverk, to spesialpedagogar og ein med migrasjonspedagog. Storleiken på teamet tilsvarar det Førde kommune hadde før kommunesamanslåinga og har i dag kapasitet til å dekke behova i dei kommunale og private barnehagane som tilhørde tidlegare Førde kommune. Slik teamet er organisert i dag har ikkje kommunen kapasitet til å gje eit likeverdig tilbod til alle barnehagane i Sunnfjord kommune. Målet er å styrke tidleg innsats og nytte lågterskeltilbod framfor å ha mange barn med spesialpedagogisk hjelp. Om ein skal oppretthalde teamet i den forma det er i dag vil det vere bruk for meir ressursar for å gje eit likeverdig tilbod til alle barna i heile kommunen.

Tiltak 4: Grunnbemanning og pedagognorm

Det er nedfelt i barnehageleva at det skal vere ein vasken per 3 barn (6 plassar) under 3 år og ein vaksne per 6 barn over tre år som minimumsbemanning, sist endra i 2018. Barnehagane i Sunnfjord kommune har hatt god bemanning dei siste åra og ligg godt under 6 plassar per vaksen. Årsaka til dette er både at det er færre barn i barnehagealder og tilsette som har opparbeida seg rett til fast stilling. Vinteren 2020 vart det i innsparingsprosessen bestemt at ein skal effektivisere barnehagedrifta. Eit av tiltaka er å ha fulle avdelingar der det er 6 plassar per vaksen i barnehagen. I barnehageopptaket for 2020/2021 er det samla redusert med 30 plassar i kommunale barnehagar for å effektivisere drifta i barnehagane. Det vil sei at nokre barnehagar blir drifta med færre plassar enn dei tidlegare har gjort. I dei barnehagane det vert overtalligheit blir det sett i gang ein prosess for å gje dei tilbod om arbeid i andre barnehagar.

Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar tredde i kraft i 2017, sist endra i 2018. Det skal vere minst ein pedagog per 7 barn under 3 år og minst ein pedagog per 14 barn over 3 år. Det er samla i barnehagane god pedagogiske bemanning, men nokre barnehagar må søke om dispensasjon frå pedagognorm grunna overtallige fagarbeidarar og assistentar.

Tiltak 5/6: Redusert foreldrebetaling og søskenmoderasjon

Føremålet med redusert foreldrebetaling er at ingen heimar skal betale meir for ein barnehageplass enn 6% av samla inntekt. Det er to ordningar for redusert foreldrebetaling, gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling. Redusert foreldrebetaling gjeld for alle barn som går i barnehagen og for alle hushaldningar som har ei samla lågare inntekt enn 574 750,- kroner. I tillegg pliktar kommunen å ha moderasjonsordningar for søsken. For barn nr. 2 skal det vere 30% reduksjon av makspris og for barn nr. 3, 4 og vidare skal det vere 50% reduksjon av makspris.

Sunnfjord kommune pliktar å gje private barnehagar kompensasjon for søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling. Private barnehagar kan i tillegg søkje om tilskot til vesentleg høgare pensjonsutgifter. Dette var ei ordning som kom når pensjonspåslaget frå kommunane vart endra til 13 %.

Omtale av dei viktigaste utfordringane

5.4 Helse og Sosial

- Fleire einingar har ikkje fått med seg alle budsjettpostar i frå dei 4 kommunane i budsjettet for 2020.
- Harmonisering
- Auka tal eldre gir auka behov for tenester i planperioden, spesielt innan fysio/ergoterapi, legetenester og aktivisering
- Lik praksis på tenesteutøving, 4 ulike lokasjonar på fleire av einingane
- Få felles rutinar på tverrfagleg samarbeid for heile Sunnfjord kommune, tidleg innsats
- Sette inn gode førebyggjande tiltak for å hindre/utsette behov av tenester for barn, unge og eldre
- Helsestasjonen har fått årlege tilskot frå Helsedirektoratet knytt til å styrke og utvikle helsestasjons- og skulehelsetenesta. Det vert politisk bestemt frå år til år om tilskot vert vidareført. Ein søker i januar i budsjettåret og får melding om evt. tilskot i mars. Denne praksisen over tid, har ført til at fleire har fått rett på faste stillingar. Om dette tilskotet fell ut, utan at kommunane vil få tilført auke i rammene, vil eininga trenge å få kompensert for desse midlane frå 2021 og utover. Pr. 2020 utgjer tilskotet for Sunnfjord kommune 3 460 000 kr. Skulle det endre seg må ein vurdere om eininga må tilførast høgere kommunal ramme.

Prioriterte driftstiltak

Nr		Tiltak – kva	2021	2022	2023	2024	pr
1	NAV	Budsjettdekking for arbeid for yrkes og utviklingshemma (VTA)	885	885	885	885	8
2	Psykisk helse og rus	Lisensar Visma, RS, EPJ	100	100	100	100	10
3	Aktivitetseininga	Driftskostnader som ikkje er komen med i 2020 budsjettet	580	580	580	580	17
4	Psykisk helse og rus	Fullfinansiering av utekontakt stilling	290	400	730	730	24
5	Legetenesta	Reforhandling av legeavtalar	1000	1000	1000	1000	
6	Psykisk helse og rus	Butilbod i ein anna kommune, enkeltbrukar	480	480	480	480	25
7	Fysio/ergoterapi	Fysio/ergoterapi: Fullfinansiering av stilling som tur,nusfysioterapeut	300	300	300	300	
8	BEF	Reinhald Skei Aktivitetssenter, usikker kalkyle	100	100	100	100	
9	Psykisk helse og rus	NORSE	250	250	250	250	
10	Aktivitetseininga	Drift av frisklivstilbodet i Sunnfjord kommune, grunntilbod	350	350	350	350	
11	Helse og sosial	4 Leasingbilar Helse og sosial	240	240	240	240	
12	Aktivitetseininga	Aktivitetseininga: Harmonisering av dagtilbod til dei med demenssjukdom	600	600	1200	1200	
13	NAV	Jobbstøtte i Sunnfjord, jamfør innsparingsnotat	500	1000	500	0	

14	Helse og sosial	Tiltak til fråfall i den vidaregåande skulen (Tiltak for å erstatte Oppfølgingstenesta i den vidaregåande skulen)	500	500	500	500	
Nr		Tiltak – kva	2021	2022	2023	2024	pr
15	Helse og sosial	Betre tverrfagleg innstats, sikre god koordinering, færre kjøp av tenester, jamfør innsparingsrapport	700	700	0	-800	
16	Legetenesta	Ny stilling som sjukepleiar	-	300	600	600	
17	Fysio/ergoterapi	oppjustering ergoterapeut 150%		300	300	900	
18	Psykisk helse og rus	Psykisk helse og rus. Auka 100% stilling (alderspsykiatri)		730	730	730	
19	Aktivitetseininga	Aktivitetseininga: Kveldstilbod, avlastning demens, 60%		420	420	420	
20	Fysio/ergoterapi	Nytt årsverk fysioterapi 100%		600	600	600	
21	Fysio/ergoterapi	Oppjustering av serviceteknikarressurs med 50 %			300	300	
22	NAV	Tiltak for å redusere barnefattigdom		1000	1000	1000	

Grunngjeving av driftstiltak

Tiltak 1: NAV: Varig tilrettelagde arbeidsplassar

Frå tidlegare 4 kommunar er det i grunnlaget for 2020 berekna kr 850 000 til kommunal eigenfinansiering av VTA-plassar (varig tilrettelagt arbeid) ved Origod og Mona Vekst. Pr i dag er det 20 plassar. Budsjettposten er ikkje komen med i vedteke budsjett 2020.

Tiltak 2, Psykisk helse og rus, lisensar

Diverse lisensar som ikkje er kome med i budsjett for 2020.

Tiltak 3, Aktivitetseininga, diverse driftskostnader

Diverse driftskostnader som ikkje er komen med i 2020 budsjettet. Eininga har teke over mange deltenester i frå dei 4 tidlegare kommunane. I budsjettprosessen for 2020 var det utfordrande å få oversikt over alle relevante budsjettpostar og eksisterande utgifter. Det har kome opp fleire utgiftspostar som ikkje er budsjettert på aktivitetseininga for 2020, men som har vore budsjettert for 2019 i dei 4 kommunane. Dette er t.d utgifter innanfor skyss, motivasjonsløn, køyregodtgjersle, kjøp av dagtilbod, feil føring på inntekter.

Tiltak 4, Psykisk helse og rus, utekontakt 100% stilling

Denne stillinga har vore finansiert gjennom prosjektmidlar. Ein kan søkje om midlar i 2 år til, då blir det ei nedtrapping i tilskotsmidlane som delfinansierer stillinga i 2021 og 2022. Delfinansieringa blir då truleg: 440 000 i 2021 og 330 000 i 2022.

Tiltak 5, Legetenesta, driftskostnader av reforhandlingar legeavtalar.

Hausten 2019 vart det reforhandla legeavtalar for Sunnfjord kommune. Dette kostar mellom 900 000 og 1 000 000. Vi har ikkje fått dette inn i budsjetttramma for 2020. Må innarbeidast i budsjettet for 2021.

Omtale av dei viktigaste utfordringane

Tiltak 6, Psykisk helse og rus, butiltak

Butiltak på ein gard i ein anna kommune. Førde kommune oppretta eit butiltak for ein brukar med utfordringar innan rus og psykisk helse i 2019. Ein kjøper tiltaket på ein gard i ein nabokommune. Grunnen til at ein kjøper tenester, er at ein ikkje klarte å gi brukaren eit tilfredsstillande tilbod ut i frå dei utfordringar brukaren har. Ein må i løpet av 2020 gjere kartlegging av behovet til brukaren og då vurdere kva tilbod ein skal tilby vidare.

Tiltak 7, Fysio – ergoterapitenesta, turnusfysioterapeut

Fullfinansiering av stilling som turnusfysioterapeut. Fylkeskommunen oppfordrar kommunane til å ta i mot turnusfysioterapeutar. Eininga har i Førde stort sett hatt ein kandidat i praksis til

ei kvar tid. Dette har ikkje vore fullfinansiert i budsjettet, og har vore utfordrande for eininga å løyse innanfor eininga sine rammer.

Tiltak 8, Aktivitetseininga, reinhald

Aktivitetssenteret på Skei har per i dag ikkje reinhald av kommunale reinhaldarar. Ressursen vart teken vekk i Jølster for å spare pengar. Aktivitetssenter er eit dagtilbod til brukarane som bur på Heimly. Tilbodet vert gitt på Skei omsorgssenter. Det vil vere naturleg at dei får reinhald på lik linje med andre kommunale tilbod og at dei tilsette som driv dagtilbodet ikkje skal ha ansvaret for vask og reinhald i tillegg til brukarane.

Tiltak 9, Psykisk helse og rus, Lisens NORSE.

Norse er eit persontilpassa behandlingssystem. Automatisering av oppfølging og behandling. Dette er eit system som Helse Førde og nokre fastlegar nyttar. Dette vil føre til at behandling vil bli meir tilpassa, målretta og koordinert mellom kommunen, fastlegen og helseforetaket.

Tiltak10, Aktivitetseininga, Frisklivstilbod.

Alle frisklivstilboda i Sunnfjord kommune har vore basert på prosjektmidlar, også dei aktivitetane vi driv fast. Det har vorte vanskelegare å få tilsagn på prosjektmidlar til faste etablerte tilbod. Det er behov for at det vert sett av pengar til dei faste aktivitetane i økonomiplanen, visst ein skal klare å drifte tiltaka vidare. Utan faste føreseielege pengar i økonomiplanen til aktivitetar er det vanskeleg å ha ein fast vekeplan for folk som treng forutsigbarheit, stabilitet, og tilpassa aktivitet. Mykje lågterskeltilbod kan vi koble oss på i heile Sunnfjord kommune utan at kommunen skal betale for det, men vi treng nokre faste aktivitetsmidlar slik at vi kan tilrettelegge for dei som faktisk ikkje går på treningsstudio, og syns det er vanskeleg og komme i gang utan vår hjelp. Dette er aktivitet som til dømes; klatring, basseng og Yoga, samt drift av seniorkoret.

Tiltak 11, Helse og sosial, leasingbilar

Tenestene innan Helse og sosial ser at overgangen til Sunnfjord kommune har gitt eit auka behov for fleire tenestebilar. Mange av einingane i Helse og sosial har tenestestad i alle tidlegare kommunesenter. Tenestene som har meldt inn behov er Aktivitetseininga, Fysio/ergoterapitenesta, Psykisk helse og rus og Helsestasjonen. Kommunen bør vurdere å ha fleire leasingbilar tilgjengeleg på rådhuset.

Tiltak 12, Aktivitetseininga, Harmonisering av dagtilbod til dei med demenssjukdom.

Det er i frå 2020 lovpålagt å ha eit dagtilbod for dei med demenssjukdom. Skal ein harmonisere dagtilbodet for dei med demenssjukdom i Sunnfjord kommune, må ein gi minimum 3 dagars tilbod i kvar kommunedel. Ein må då tilføre eininga med ca. 180% stilling, som då vert fordelt på Skei, Naustdal og Sande.

Tiltak 13, NAV, IPS jobbstøtte

NAV Sunnfjord har fått tildelt prosjektmidlar til «Jobbstøtte i Sunnfjord» med til saman 1.000.000, med håp om oppstart i 2020. Prosjektet forutset kommunal delfinansiering med nedtrapping av midlar over tre år. Jobbstøtte baserer seg på tett oppfølging av jobbspesialistar for personar med psykiske vanskar og/eller rusproblem i ordinært løna arbeid. Arbeidsmetoden bygger på ein metodikk som forskning viser har god effekt og gode resultat for den enkelte, arbeidsplassen og samfunnet. Eininga vil prøve å finne deler av finansieringa innanfor eige budsjett, men er avhengig av ekstra midlar frå 2021 for å sikre føreseielege økonomiske rammer, særleg ut frå å rekruttere dyktige medarbeidarar til

stillingane som jobbspesialist. Dette er ein av viktige føresetnader for å lukkast. Vi ser muligheiter for større innsparingar på sikt, både i eiga eining og for andre einingar, men ser det som usikkert å klare dette i løpet av prosjektperioden utan ekstra finansiering. Tiltaket må sjåast i samanheng med innsparingstiltaket «Styrke arbeidsretta oppfølging» i innsparingsrapporten.

Tiltak 14: Helse og sosial, Fråfall i den vidaregåande skulen.

Fylkeskommunen har i frå 01.01.2020 endra oppfølgjingsstenesta frå å vere ei tiltaksretta teneste for dei som fell ut av den vidaregåande skulen til å bli rådgivande instans. Dette betyr i praksis at elevar som fell ut av den vidaregåande skulen i Sunnfjord kommune ikkje har andre tiltak å gå til. Sunnfjord kommune har ikkje hatt tilbod til denne brukargruppa i alderen 16-18 år, sidan Fylkeskommunen i samarbeid med NAV har stått for tiltaka. Sunnfjord kommune må kartlegge og vurdere å sette inn tiltak, slik at ein kan gi denne brukargruppa tilfredstillande tilbod

Tiltak 15, Barnevern, tidleg innsats og koordinerte tenester.

Sunnfjord kommune har starta prosjektet BTI- Betre tverfagleg innsats. Dette er eit prosjekt som involverer alle instansar som arbeider med barn og unge. Ein arbeider mot felles rutinar, verktøy og betre samordning av tenester på tvers for å fange opp utfordringar for barn så tidleg som mogleg og deretter sette inn tiltak.

Barnevernet har i dei siste åra hatt ein stor auke på kostnader knytt til kjøp av tiltak og forsterheimsutgifter. Det er fleire årsaker til det, nokre av dei er endra kostnadsfordeling med BUFETAT, kjøp av dyre institusjonstiltak og dyre løysingar opp mot fosterheimar. Kjenneteikn med mange av dei dyre tiltaka er at ein har kome seint inn i sakene. Ein har i dei seinare åra hatt fokus mot tidleg identifisering av barn som ikkje har det bra, og sette inn endringstiltak rundt dei nærmaste. Tenesta har 5 stillingar i familieteamet som arbeider inn mot familiar. Dette er arbeid som ein forhåpentlegvis vil sjå resultat av på sikt. Ved ei endå betre samordning av tenestene i tidleg fase vil ein kunne jobbe endå betre førebyggjande barnevern.

For å sikre at ein lukkast med dette arbeidet, ser ein det som fordel å kunne sette inn ekstra ressurs på koordinering og støttefunksjonar opp mot dei ulike involverte instansane. Her vil ein ha fokus på støtte einingane i oppfølging av rutinar og sette i verk tiltak. Ved god samordning av tenestene og at ein klarer å sette i verk tidleg tiltak, så kan ein ta ei innsparing på færre plasserte barn, og at ein løyser kjøp av tenester på ein rimelegare måte. Ein vil og vurdere å bruke avsatt budsjettmidlar til kjøp av konsulenttenester og advokattenester til å tilsette eigen kompetanse på området. Jamfør innsparingstiltaka.

Tiltak 16: Legetenesta, Sjukepleiar i 100% stilling

Auka behov for sjukepleiarressurs fordelt på alle kontora i kommunen. Dette er ikkje eit akutt behov, men ein ser at tal legeheimlar aukar med ein heimel annakvart år på grunn av auka folketal og fleire eldre. For å stette norma med 0,7 hjelpepersonell per lege, vil ein ha behov for ei ny stilling i 2023. Ein ser for seg at ein aukar med 50% i 2022 og resterande 50% i 2023.

Tiltak 17: Fysio- ergoterapitenesta, ergoterapeut

Det er nødvendig å auke ressursar på ergoterapeut dersom vi skal kunne løyse eit fagleg forsvarleg tilbod i framtida, særleg når ein ser både til ei ny rehabiliteringsavdeling på Skei, og til andre oppgåver i samband med framskriving av tal eldre i Sunnfjord kommune. Tenesta har generelt lite ergoterapiressurs, og det vil vere vanskeleg å løyse ergoterapitilbodet på rehabiliteringsavdelinga på Skei ved å omorganisere. I dag har ein delt ei ergoterapeutstilling mellom Sande og Naustdal, dette ser ein som utfordrande av fleire grunnar. Det er lang reiseavstand mellom dei to arbeidsstadene, og det er vanskeleg å få god kontinuitet i arbeidet når ein berre er høvesvis to og tre dagar i veka på kvar plass. Dette gjev lite fleksibilitet, og det gjer det vanskeleg å delta i koordineringsmøter og anna.

Tiltak 18, Psykisk helse og rus, 100% stilling

I dag er det fortsatt skeivfordeling av ressursar mellom tidlegare 4 kommunar på ressursar. Det er spesielt lite ressurs på Skei/Vassenden, og det blir jobba med omfordeling i tenesta. Eininga har ikkje kompetanse på alderspsykiatri. I samband med at ein blir fleire eldre og at ein ikkje har hatt fokus på alderspsykiatri, meiner sektoren at ein må styrke både ressurs og kompetanse på område. Stillinga vil og bidra til meir harmonisering av tenesta i Sunnfjord kommune.

Tiltak 19, Aktivitetseininga, avlasting på kveld/ettermiddag for dei med demenssjukdom 60% stilling

Pårørande har behov for avlasting nokre timar for veka. Huset i Veglo 5 i Førde som har dagtilbod står ledig alle ettermiddagar. Ved å sette inn ei 60% stilling vil ein kunne ha ope nokre ettermiddagar for å avlaste pårørande. Dette vil vere eit godt førebyggjande tiltak for å kunne utsette behovet for sjukeheimplassar i framtida.

Tiltak 20, Fysio- og ergoterapitenesta, 100% fysioterapeut.

I samband med kommunesamanslåinga har ei stilling som har vore kombinert som 50 % fysioterapistilling og 50 % sakshandsamar i tildelingseininga stått vakant. Fysioterapistillinga er komen inn som innsparingstiltak, då denne stillinga har stått vakant ei stund i samband med kommunesamanslåinga. Ein har i dag knappe kommunal fysioterapiressurs til å følgje opp vaksne/eldre i sone Førde, og denne delen av tenesta må på sikt aukast opp i samband med at det blir fleire eldre i Sunnfjord kommune.

Tiltak 21, Fysio/ergoterapitenesta: 50% serviceteknikkar

Det er utfordrande at mange av vaktmeistrane som arbeider som serviceteknikar opp mot hjelpemiddel, har delt stilling. Det betyr at dei er tilsett i ulike einingar og under ulike sektorar. To av dei tilsette tilhøyrrer fysio/ergoterapitenesta, og to av dei tilhøyrrer Bygg og eigedom. Ved at ein etter kvart aukar opp ressursen, vil det vere naturleg at all ressurs innan serviceteknikkarar vert tilknytta Fysio/ergoterapitenesta. Ein vil då få ein vaktmeisterpool tilknytta hjelpemiddel, som vil bli meir fleksibel mellom kommunedelane.

Tiltak 22, NAV: Tiltak for å redusere barnefattigdom

Sunnfjord kommune har i dag noko prosjektmidlar som vert nytta mot barnefattigdom. Sunnfjord kommunen bør avsette faste tiltaksmidlar for å jobbe målretta for å redusere barnefattigdom.

5.5 Omsorg

Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Bemanning og rekruttering. Tenestebehovet endrar seg. Den demografiske utviklinga syner sterk vekst i tal eldre. Det er fleire pasientar og brukarar med behov for omsorgstenester. Kommunane har fått tilført nye type oppgåver. Dette krev fagutdanna personale for å yte fagleg forsvarlege tenester.
- Ressursar til nye tiltak / ressurskrevjande tenester som kjem til.
- Harmonisering
- Kompetanseheving. Nye oppgåver og eit meir komplekst sjukdomsbilete krev kompetente tilsette og høve til å tileigne seg ny kompetanse.
- Velferdsteknologiske løysingar skal vere integrert i tenesteytinga frå 2020 og er tatt i bruk i fleire einingar, men potensialet er større. Bruk av velferdsteknologi vil kunne frigjere personalressursar til å yte tenester til fleire.
- Demensomsorga. Tal personar med demenssjukdom aukar og kommunen bør ha eit differensiert tenestetilbod i alle fasar av sjukdomsforløpet.

Prioriterte driftstiltak

Nr	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2021	2022	2023	2024	Pri.
1	Auke grunnbemanning i omsorgssenter og heimetenester	4500	8100	10800	12150	1*
2	Bu- og miljøtenester, nye tiltak	1500	2300	3900	4500	
3	Nytt tiltak Sande bu- og miljøteneste	1500	1500	1500	1500	4
4	Nytt BPA tiltak Førde bu- og miljøteneste, eining 1	800	800	800	800	5
5	Bu- og avlastingstenesta, bemanning tiltak	800	800	800	800	6
6	Kompetanseheving	500	500	300	300	
7	Velferdsteknologi	1500	1500	1500	1500	
8	Demenskoordinator	700	700	700	700	
9	Forløpskoordinator psykiatri, 50% still.	350	350	350	350	
10	Leasing av bilar	350	500	500	500	
11	Naustdal heimeteneste BPA	100	100	100	100	
12	Lærlingar, 6 still.	1380	1380	1380	1380	
13	Reinhald bu- og miljøtenestene					
14	Bukollektiv og rusbustadar, bemanning					
15	Naustdal omsorgssenter, ressurskrevjande tiltak	2000				

*Prioritert nye brukarar med 2 500 000 kr i 2021 aukande til 10 000 000 kr i 2024

Grunngjeving av driftstiltak

Tiltak 1: Auke grunnbemanning i omsorgssenter og heimetenester

Det er mange einingar som melder behov for å auke grunnbemanninga. Organisering av institusjonsplassar er vedtatt og det skal mellom anna etablerast eiga rehabiliteringsavdeling og korttidseining. I førearbeidet til saka om organisering av institusjonsplassar er eit tilrådd mål at bemanningsfaktor bør vere minimum 0,8 i ei vanleg eining i institusjon. Dette ligg til grunn i tiltak 1.

Heimetenestene er i sterk vekst. Einingane opplever auke i tal brukarar og eit større behov for tenester. Sjukdomsbildet er meir komplekst og meir alvorlege tilstandar vert behandla i heimen. Tilstandar som tidlegare vart behandla i sjukehus. For å møte den demografiske utviklinga er det lagt inn ein årleg vekst i tal årsverk i heimetenestene.

Tiltak 2: Bu- og miljøtenester, nye tiltak

I bu- og miljøtenestene kjem det jamleg til nye tiltak og ressurskrevjande tenester. Det er brukarar som flyttar til kommunen og brukarar som vert vaksne, skal bu for seg sjølv og ha tenester frå kommunen. I tillegg skjer det endra behov for tenester og eksisterande tiltak må utvidast.

Tiltak 3: Nytt tiltak Sande bu- og miljøteneste

Oppstart av nytt butiltak 01.09.2020 som ikkje er med i budsjett 2020.

Tiltak 4: Nytt BPA tiltak (Brukarstyrt personleg assistanse) Førde bu- og miljøteneste, eining 1

Nytt BPA tiltak drifta av ekstern leverandør. Tiltaket har oppstart i 2020 og er ikkje med i budsjett 2020.

Tiltak 5: Bu- og avlastingstenesta, bemanning av tiltak Bemanning

knytt til utviding av tiltak.

Tiltak 6: Kompetanseheving

Teneste- og fagutvikling krev god kompetanse i einingane. Einingane har mykje god kompetanse, men det er behov for å styrke denne for å sikre gode og forsvarlege tenester også i framtida. Område der det særskilt er meldt eit behov:

- Demensomsorg
- Kreft- og lindrande behandling
- Rehabilitering
- Kognitiv terapi
- Tvang og makt/utfordrande åtfærd
- Psykisk helse
- Akuttsjukepleie
- Høgskuleutdanna personale, helsefagarbeidarar

Tiltak 7: Velferdsteknologi

Velferdsteknologiske løysingar er ressurstiltak for at brukarane skal kjenne seg trygge, klare seg sjølv lengre, få bu lengst mogleg heime og på den måten utsetje behovet for omsorgsbustad og sjukeheimplass. Einingane har allereie tatt i bruk fleire typar sensorar kopla til tryggleiksalarmar eller pasientvarslingsanlegg. I tillegg er GPS og digital medikamentstøtte/robot tatt i bruk. Når Alarmsentralen i Sogn og Fjordane får digitalt mottakssenter, kan sensorteknologien utvidast meir. Sensorane må kommunen kjøpe eller leige.

Tiltak 8: Demenskoordinator

Personar med demenssjukdom er ei gruppe som aukar i tal. Det er 4 demensteam i kommunen som tilbyr oppfølging, rådgjeving, kartlegging, opplæring og ved omsorgssentra er det tilbod ved skjerma einingar. Det er i gong eit arbeid med å utarbeide forslag til korleis

demensarbeidet i kommunen kan organiserast framover. Det er behov for ein koordinerande funksjon innan dette tenestetilbodet.

Tiltak 9: Forløpskoordinator psykiatri, 50% stilling

Tiltakspakke psykisk helse er innført. Det er eit krav at kommunane skal ha forløpskoordinator for brukarar innan psykiatri/psykisk helse i kommunane.

Tiltak 10: Leasing av bilar

Fleire einingar melder behov for å lease tenestebilar. Det er einingar som har behov for tenestebilar som ikkje har bilar til disposisjon. To heimetenester har tenestebilar som kommunen eig og som kan selgast. Snittleige er kr 50 000 pr. bil.

Tiltak 11: BPA Naustdal heimeteneste Auka

kostnad til BPA.

Tiltak 12: Lærlingar

Det er einingar som ikkje har lærlingar, men som ønsker dette. Lærlingar er eit godt tiltak for å styrke kompetansen i sektoren og rekrutteringstiltak. Det er lagt inn ein auke på 6 nye lærlingar.

Tiltak 13: Reinhold bu- og miljøtenestene

I bu- og miljøtenestene vert reinholdet i personalbasane og fellesareal ivaretatt av personalet i einingane. Det er eit ønske frå einingane at reinholdet vert ivaretatt av reinholdseininga som har den rette fagkompetansen.

Tiltak 14: Bukollektiv og rusbustadar, bemanning

Tiltaket må sjåast saman med meldt investeringstiltak *Butiltak psykisk helse*. Med eit større butilbod til personar med rus- og psykiatriproblem, vil det også vere behov for å auke personalressursar. Det er i dag vanskeleg å berekne denne kostnaden sikkert. Det vil avhenge av storleik på vedtak brukarane skal ha og dermed kva bemanning vi treng og kva refusjon tiltaka får frå staten. Behov for bemanning vil også avhenge av kor mykje ressursar som kan omdisponerast.

Tiltak 15: Tiltak Naustdal omsorgssenter

Det er auka ressursbehov knytt til eitt tiltak.

5.6 Kultur og idrett

Omtale av dei viktigaste utfordringane

I følgje Agenda Kaupang si analyse brukar Sunnfjord kommune 7 mill. kroner mindre på kultur og idrett enn kommunar vi kan samanlikne oss med (KOSTRA gruppe 13). Dette høver dårleg med ambisjonen om å halde på og utvikle Sunnfjord kommune som den største og viktigaste kulturkommunen mellom Bergen og Ålesund. Det er difor trong for å utvikle feltet på fleire område:

Tilstandsanalyse og moglegheitsstudie av kommunen si kulturelle storstove Førdehuset, vil vere svært viktig for å få til ei gjennomtenkt løysing for heile huset og området rundt

Kommunen ligg svært lågt når det gjeld tilskotsmidlar til frivillige lag og organisasjonar. Her kan små midlar gje gode ringverknader ved ei opptrapping frå dagens nivå.

Harmonisering av leigeprisar, treningsavgifter og driftsmodellar for dei nye idrettshallane er viktig å få på plass. Det er òg viktig å gjere ei heilskapleg vurdering av kapasitet opp mot behov innan idretten sett i lys av dei nye hallane som vil kome i drift i løpet av dei næraste åra.

Det er trong for å utvikle og modernisere bibliotektilbodet. Dette er utfordrande samstundes som ein står overfor innsparingsforslag på biblioteksida.

Kulturskuletilbodet i Sunnfjord kommune ligg volummessig under kommunar vi kan samanlikne oss med, og anbefalingane frå Norsk Kulturskuleråd, som tilrår ein dekningsgrad på 30% av born i alderen 9-15 år.

Det er usikkerheit knytt til om alle midlar som vart brukt til kultursektoren i dei gamle kommunane har kome med i ramma til sektoren ved overgangen til ny kommune. Dette må gåast nøyare opp i arbeidet med årsbudsjettet for 2021.

Det er trong for store investeringar i kulturbygg i kommunen, både i Førdehuset, på Astruptunet, ved Sunnfjord Museum og i Gamlebanken.

Prioriterte driftstiltak

Nr	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2021	2022	2023	2024	Pri.		
1	Tilskotsmidlar til frivilliglivet, kultur og idrett – opptrapping			300	400	500	500	13
2	Digitale bibliotektenester og fokus på ny formidling			80	80			15
3	Teatertilbod kulturskulen			40	100	100	100	16
4	Subsidiert halleige for barn og unge, Idrettshallane			1 000	1 000	1 000	1 000	
5	Tiltaksmidlar for ungdom gjennom SLT-arbeidet			120	120	120	120	
6	Ungdomskonsulent, 100 % stilling			350	750	700	650	
7	Desentralisert breiddetilbod Kulturskulen; pedagog 30 % stilling			150	150	150	150	
8	Samarbeid og utvikling av skulebiblioteka			50	50	50	50	
9	Produsent for kulturarr. utanfor Førde sentrum; auke frå 40 % til 100 %			300	400	350	300	
10	Teater Vestland - husleigeauke				400	400	400	
11	Teater Vestland - tap av husleigeinntekt Førdehuset				1 460	1 460	1 460	
12	Kulturskulen - pilot som regionalt senter for talentutvikling			40	40	40		
13	Fritidskort for barn og unge			300	300	300	300	
14	Tilskot til leige av Dragehallen (turn og klatring)			500	500	500		14
15	Husleigetilskot Sandhallen på Vie			313	313	313	313	

Grunngjeving av driftstiltak

Tiltak 1: Tilskotsmidlar til frivilliglivet, kultur og idrett – opptrapping.

Kommunen har svært avgrensa tilskotsmidlar til frivillige lag og organisasjonar innan kultur og idrett. Dei gamle kommunane utanom Førde hadde eit lægre nivå på dette enn det Førde hadde. Skal ein yte eit nokolunde likt nivå til organisasjonsdrift og tiltak elles i heile kommunen utan at nivået til organisasjonane i gamle Førde kommune vert vesentleg trappa ned, er det naudsynt å få opp nivået på tilskotsmidlane. Det trengst i tillegg ein realvekst i desse midlane for å utløyse det potensialet det frivillige kultur- og idrettslivet representerer.

Tiltak 2: Digitale bibliotektenester og fokus på ny formidling

Biblioteket ynskjer å utvikle tilbodet sitt i tråd med moderne og framtidretta litteraturformidling. Biblioteket jobbar prosjektbasert med litteraturformidling i heile kommunen, og har som mål og utvikle tilbodet på fleire arenaer utanom bibliotekbygga og på digitale plattformer. Det er mogleg delfinansiere tiltaket gjennom ekstern finansiering frå mellom andre Nasjonalbiblioteket og Fritt Ord.

Tiltak 3: Teatertilbod Kulturskulen

For å utvikle kulturskulen vidare med eit breiare tilbod (jamfør Rammeplan for kulturskule) ynskjer vi å tilby teaterfaget til born og unge i kommunen (20% stilling). Kulturskulen har eit svært godt samarbeid med Teater Vestland, m.a. om barnemusikalen Annie i 2020, som inkluderer 80-90 born og unge, og det er forventa auka etterspørsel etter teaterfagtilbod ved Kulturskulen etter dette. Eit slikt tilbod har elles vore etterspurt i mange år – per i dag står 19 søkjarar på venteliste, sjølv om ein ikkje har annonsert tilbodet.

Tiltak 4: Subsidiert halleige for barn og unge

Kommunen får 4 nye idrettshallar i løpet 2020/2021: Vassenden, Skei, Halbrend og Bygstad. Driftsform for desse er under utgreiing. Førde kommune har for hallane i Førdehuset subsidiert store deler av treningsavgifta for barn og unge opp til 19 år. Dersom ein skal ha tilsvarende ordning for dei 4 nye hallane, samt eksisterande hallar på Sande og i Naustdal, vil dette ha ein kostnad. Beløpet er vanskeleg å talfeste nøyaktig, men er her stipulert til 1 mill. kroner årleg.

Tiltak 5: Tiltaksmidlar for ungdom gjennom SLT-arbeidet

Samordning av lokale rus og kriminalitetsforebyggende tiltak for ungdom (SLT) er organisert gjennom eiga styringsgruppe og arbeids- og samarbeidsgrupper i kommunen. Tidlegare var det øyremerka tiltaksmidlar frå Staten til dette arbeidet, samt at kommunen har brukte av ulike fond til føremålet. Slike øyremerka midlar finst ikkje lenger og tiltaksmidlar innan SLT-arbeidet er p.t. ikkje inne i budsjettamma for feltet. Det er trong for midlar her for å kunne vidareføre svært vellukka tiltak som fagdagar, Grill'n chill og andre tiltak for ungdom.

Tiltak 6: Ungdomskonsulent

Stillinga er ein føresetnad for å utvikle aktivitetstilbod for ungdom i heile kommunen. Det er lagt inn kostnader for løn, kontor og reiseutgifter. Det er berekna inntekter i form av støtte og sponsorinntekter.

Tiltak 7: Desentralisert breiddetilbod Kulturskulen

Kulturskulen i Sunnfjord har låg dekningsgrad på tilbodet sett i høve kommunar vi kan samanlikne oss med, og Kulturskulerådet sine tilrådingar. Kartlegginga kulturskulen gjorde i dei fire kommunane i samband med kommunesamanslåinga, viser at det er behov for gode breiddetilbod desentralisert, knytta til der borna er busett. T.d. har Viksdalen 43 born på venteliste for kulturskuletilbod p.t.

Tiltak 8: Samarbeid og utvikling av skulebiblioteka

Prosjektet skal stimulere til leselyst gjennom betre skulebibliotek, og auka bruk av bibliotektenester i heile den nye kommunen, gjennom samarbeid med skulesektoren og ved hjelp av ekstern finansiering. Det er søkt om 2 mill. kroner frå Utdanningsdirektoratet til prosjektet.

Tiltak 9: Produsent for kulturarrangement utanfor Førde

Eininga kultur og ungdom har ansvar for kulturproduksjon i heile Sunnfjord kommune. Det er budsjettert med 40% stilling i 2020 som p.t. ikkje er besatt. Det er trong for ei 100% stilling til dette arbeidet. Produsenten skal samarbeide med profesjonelle kulturaktørar og lag og organisasjonar for å tilby kulturarrangement i heile kommunen utanfor Førde sentrum.

Tiltak 10-11: Teater Vestland – husleigeauke og tap av husleigeinntekter i Førdehuset

Teater Vestland har inngått intensjonsavtale om å flytte inn i Nynorskhuset i Førde dersom dette vert realisert. Dette vil kunne medføre ny og positiv utvikling for teateret, men òg auka husleigeutgifter, og dermed trong for auka driftstilskot frå dei offentlege bidragsytarane. Kommunen vil med dette også miste den største leigetakaren vi no har i Førdehuset. Førde kommune har gjort vedtak om å følgje opp i høve moglege auka husleigeutgifter.

Tiltak 12: Kulturskulen - pilot som regionalt senter for talentutvikling

Kulturskulen i Sunnfjord har potensiale for å ta eit større regionalt ansvar for talentutviklinga i regionen. Skulen har høgt kvalifiserte lærarar og etterspurnaden etter skulen sine tenester frå nabokommunar er stor. Vestland fylkeskommune er interessert i ein slik pilot og vil kunne vere ein viktig støttespelar. Det er trekt frå elevavgift og kommunal deltakaravgift.

Tiltak 13: Fritidskort for barn og unge


Buudir har fått i oppdrag av Barne- og familiedepartementet å utgreie ei fritidskortordning med tilhøyrande utprøving i pilotkommunar. Målet med fritidskortordninga er at alle barn og unge mellom 6 og 18 år skal kunne delta i minst éin fast fritidsaktivitet gratis. Kommunen har søkt om å bli pilotkommune for ordninga, men har hittil ikkje fått gjennomslag. Kommunen tilbyr likevel nokre gratis plassar i Kulturskulen, har redusert halleige i Førdehuset for trening med born og unge, samt «opplevingskort» som inneber fri adgang til kino, symjing og utvalde arrangement for sårbare barn og familiar, i samarbeid med NAV. I tillegg har kommunen eit avgrensa tilbod om gratis utlån av skiutstyr og liknande.

Tiltak 14: Husleigetilskot Dragehallen

Førde i.l. og Våtedalen tindeklubb fekk kommunalt tilskot for 2020 på 500 000 kroner for leige av Dragehallen til turn og klatring. Det er trong for meir langsiktige tilskot for å få i stand ein god leigeavtale. For kommunen er det viktig få oversikt over eigen hallkapasitet i framtida, då det er 4 nye hallar under bygging i kommunal regi og planar om hall knytta til nye Førde vidaregåande skule på Øyrane. Kommunedirektøren tilrår løyving i 2021 frå reformstøttepotten. Sjå omtale i kapittel 5.10. Kommunestyret løyver 500 000 kroner i 2022 finansiert med innsparing på administrasjonen og 500 000 kroner i 2023 ved å legge tiltak 20, innkjøpsressurs ut til uprioritert tiltak. Tiltaket vert lagt inn som ny prioritet 14 i prioritert driftstiltak

Tiltak 15: Husleigetilskot Sandhallen

Sunnfjord folkehøgskule driftar i dag Sandhallen på Vie med eigen finansiering, samt leigeinntekter frå bruk av klatreveggen og sandhallen/volleyball. Avtalen går ut 31.12.2020 og folkehøgskulen ser ikkje at dei har moglegheit til å forlengje denne avtalen utan kommunal



støtte til drifta. Vurderingane om eigen hallkapasitet i kommunen må også sjåast på i denne samanhengen.

5.7 Teknisk og miljø

Omtale av dei viktigaste utfordringane

Sektoren femnar om viktige samfunnsområder som dagleg møter innbyggjarane. Høg kvalitet på tenester for innbyggjarane er hovedoppgava og målet til sektoren. Sektoren vil medverke til langsiktig tilrettelegging og planlegging for bustader, næring og samferdsel. Sunnfjord kommune sitt arbeid med klima og miljø vil bli koordinert frå sektoren.

Kommuneplanen sin arealdel

Sunnfjord har ei ambisiøs innstilling på planområdet. Planprogram for Sunnfjord kommune sin planstrategi/kommuneplanen ligg ute på høyring. Ny kommune bør sette seg som mål å ha oppdatert planverk.

Klimaomstilling

Klimaomstillingsplanen for Sunnfjord kommune 2019-2030, og handlingsprogrammet for 2019-22 inneheld 31 ulike tiltak. Det bør settast av midlar til tiltak og eigendel i prosjekt slik at Sunnfjord kan søkje på regionale og nasjonale midlar.

Karrlegging av naturskade - sikring mot flaum, ras

For å tilfredsstille dagens krav til tryggleiksklassar, er det mange eksisterande bustadområde og bebyggelse som må sikrast mot flaum og skred. Behovet for tilskotsmidlar er langt større enn ramma NVE disponerer (per i dag). Økonomiplanen reflekterer ei avgrensa avsetning til desse formåla. Det vil bli utarbeidd tiltaksplan for Sunnfjord kommune med oversyn over mogeleg handlingar.

Kommunale bygg

Dei fire kommunane hadde i 2019 eit underskott/meirforbruk på byggforvaltning med 4,8 mill. kr. Budsjett for 2020 for drift- og vedlikehald av bygg i Sunnfjord kommune er ei vidareføring av budsjettet for drift- og vedlikehald frå dei fire kommunane. I 2019 hadde dei vedlikehaldsbudsjett på ca. 50 kr per m² bygningsmasse. Anbefalt nivå er 200 kr. pr. kvm. For å unngå verdireduksjon av kommunens bygningsmasse er det i framtida nødvendig å auke årleg vedlikehaldsbudsjett. Til arbeidet med økonomiplanen er det laga oversikt over rehabiliteringsoppgåvene og anna fornying av formålsbygga.

Det er ikkje sett av ressursar til nye driftsoppgaver til reinhald når nye hallar skal drivast. For å kunne effektivisere drifta er det naudsynt med utskifting og fornying av maskiner og utstyr.

Bustader

I 2020 er det eit mål å utarbeida felles husleigeprinsipp og oversyn over vilkår for drift/tildeling av bustader. Ubalanse mellom budsjettert inntekt for 2020 og prognose på inntekt er stor. Ressursar til vedlikehald er lågt, og då særleg ved ekstraordinære skader.

Vegar og samferdsel

Budsjett for vegvedlikehaldet i 2020 er 4,5 mill. kr. lågare enn rekneskapen for 2019 viste. Kommunane har over fleire år underbudsjettert vegvedlikehaldet. Kommunane hadde samla negativt budsjettavvik i 2019. Sunnfjord kommune skal fornye avtalar for vintervedlikehaldet i 2020. Mange av avtalane er ikkje prisregulerte sidan 2015. For å oppnå driftsinnsparingar må det setjast av midlar til asfaltering, utskifting av gatelys og meir effektivt utstyr. Det er behov for å sette av midlar til trafikktryggleik og utbetring. Kommunen skal i 2020 fornye

snøbrøyteavtalar. Før budsjett 2021 blir lagt fram vil det blir lagt fram ei sak som viser konsekvensane av nye avtalar. Mange av avtalane har ikkje vore prisjustert sidan 2015.

Brann og redning

Brannberedskapen på dei 5 brannstasjonane i ny kommune er basert på eksisterande struktur. Ei utfordring har vore å erstatte mannskap som går av etter aldersgrensa på 60 år. Dette krev rekruttering og opplæring av nye tilsette i deltidsstillingar.

For å møte forskriftsakrav til garderobetilhøve må det investerast i brannstasjonane på Vassenden, Skei og Førde. Garderobetilhøva på brannstasjonane har fått avvik grunna mangel på skilje mellom rein-/urein sone og dusj/wc-tilhøva. Sunnfjord kommune har underdekning på personell i leinga innan både brannførebyggjande og brannberedskap i høve til sentrale forskriftskrav. Brannvesenet må også skifte ut køyretøy og utstyr i økonomiplanperioden.

VA (Vatn, avløp)

Høg forsyningstryggleik av vatn er avhengig av fleire fysiske og tekniske funksjonar som sanering av gamle nett, reservekapasitet og hygienetiltak. Det er laga ein plan over alle tiltaka innan VA der dei enkelte prosjekta er prioritert. Plan for investeringar i VA er ei samla oversikt over tiltak henta frå tidlegare og gjeldande hovudplanar, tekniske planar, ROSanalysar og utbyggingsplanar, fordelt på ca 280 kalkulerte einskildtiltak.

Dei siste åra har store «eksterne» utbyggingstiltak og tilhøyrande nye VAO anlegg, slik som Førdepakken og utbygging av nye nærings- og industriområde, lagt beslag på store deler av årlege investeringsrårer, og eigne prosjektleiar-ressursar. Dette har ført til eit aukande etterslep av viktige sanerings- og utviklingstiltak i eksisterande VA-anlegg.

Prioriterte driftstiltak

Nr.	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2021	2022	2023	2024	Pri.
1	Lovkrav/forskriftskrav brann	1 350	1 350	950	950	22*
1	Kartlegging geofare – sektorvergrepande	750	750			
2	Underdekning – vegvedlikehald	5 000	5000	5000	5000	
2	Underdekning husleige	3 000	3000	3000	3000	11*
2	Underdekning – byggvedlikehald	2 500	5000	7500	7500	7*
3	Klimaomstilling – eigendel	200	200	200	200	
3	Kommuneplan sin arealdel	1 000	500			
3	Drift av nye bygg/hallar	1 680	2010	2010	2010	12*
3	Vaktmesterteam + matriell	5 200	7800	7800	7800	
3	Reinhald nye hallar	600	600	600	600	
3	Vedtak brannordning – vakt Sande/Skei	200	200	200	200	
4	Bilar, utstyr teknisk drift	400				
4	Anleggsgartnar	600	600	600	600	
4	Vedlikehald av bustader	1 000	1000	1000	1000	
4	Ny Rammeplan Veg	250	250	250	250	
4	Gartner	650	650	650	650	
4	Brannførebyggjande personell		900			



4	Områdeleiar brannberedskap			800		
---	----------------------------	--	--	-----	--	--

*Prioriterte beløp er lågare enn behovi tabell ovanfor. Sjå tabell kapittel 5.9.

Grunngjeving av driftstiltak:

Tiltak med prioritet 1: Utgifter til å oppfylle forskriftskrav og pålegg i form av lov. Dette gjeld utdanningskrav til brannmannskap, stilling innan beredskap. Under denne kategori er det også teke med kartlegging av geofare som grunnlag for planarbeid og ROS.

Tiltak med prioritert 2: Utgifter som ikkje er dekt inn i budsjett 2020, men som Sunnfjord kommune har ansvar for. Dette gjeld meirutgifter frå Naustdal, Førde, Gaular og Jølster. Dette gjeld vegvedlikehald, bygningsvedlikehald og husleigetap.

Tiltak med prioritet 3 : Tiltak kommunestyret har føresett vert gjennomført gjennom vedtak eller plan. Slike tiltak knyter seg til Klimaomstillingsplan, kostnader til drift av nye bygg som vert teke i bruk og planarbeid og brannordning.

Tiltak med prioritet 4 : Oppgradering av drifta som sikrar kvalitet. Dette gjeld fagstilling som gartner, vaktmesteroppgaver til vedlikehald av bygg og bustader og utstyr.

I tabellen nedanfor er det lagt inn driftsbehov innan VA. Endringane må vurderast mot konsekvensar på avgiftsnivået og opp mot mogeleg tiltak for effektivisering.

Prioritet		Tiltak – kva	2021	2022	2023	2024
1	VA	Lovkrav/forskriftskrav brann	1 900	2 050	3 000	2 950

- Kurs, farekartlegging, prosjektstilling, planarbeid

5.8 Effektiviserings- og innsparingstiltak

Agenda Kaupang har gjennomført [økonomianalyse av Sunnfjord kommune](#) med bakgrunn i KOSTRA-tal for 2019.

I analysa er Sunnfjord kommune samanlikna med dei samanslåtte kommunane Førde, Gaular, Naustdal og Jølster. I tillegg til Kinn og Bjørnafjorden og Kommunegruppe 13, som er kommunar med 20.000 – 120.000 innbyggjarar.

Hovudkonklusjonane i økonomianalyse er at Sunnfjord kommune har god tenestekvalitet, middels gode finansar og eit høgt kostnadsnivå i teneste samanlikna med Kommunegruppe 13.

Tabellen nedanfor viser at kostnadsnivået i Sunnfjord var 136,3 mill. kroner høgare enn snittet i Kostra-gruppe 13.

Innsparingspotensiale inkl. AGA							
Tjeneste	1430 Gaular (-2019)	1431 Jølster (-2019)	1432 Førde (-2019)	1433 Naustdal (-2019)	4602 Kinn	4624 Bjørnafjorden	EKG13 KOSTRAgruppe 13
Administrasjon	13,3	5,4	26,4	2,9	1,0	21,0	49,5
Barnehage	31,0	20,5	-9,4	12,5	2,0	34,2	34,3
Barnevern	-16,2	13,4	4,3	-25,4	-4,6	19,1	6,6
Bolig	-15,7	-2,6	5,1	-4,1	0,7	5,0	-1,6
Brann	5,4	-8,3	-0,3	4,9	-10,4	-3,3	1,4
Grunnskole	-31,1	-8,1	29,8	-14,4	-43,8	41,1	28,6
Helse	-0,1	-5,6	12,5	0,1	14,1	17,6	24,4
Kirke	-12,1	-3,0	4,7	-5,8	0,7	3,5	4,4
Kultur	22,9	22,1	-13,9	16,9	-1,4	5,1	-7,3
Landbruk	3,3	-5,5	1,3	0,5	2,2	-1,4	-0,3
Næring	-16,1	35,0	-2,6	-8,8	-0,2	6,5	2,4
Plan- og byggesak	-10,5	-0,3	2,1	1,6	5,1	-4,3	3,1
Pleie og omsorg	64,3	-86,6	3,3	59,4	-46,2	-81,5	-19,3
Samferdsel	-3,9	-20,5	6,1	-2,3	5,3	-1,9	14,3
Sosial	27,8	-4,6	-1,1	-16,3	50,9	-1,7	-4,2
Totalt	62,3	-48,8	68,3	21,6	-24,6	59,0	136,3

Tabellen viser at Sunnfjord kommune har eit høgare kostnadsnivå enn Kostra-gruppe 13 innanfor tenesteområda administrasjon, barnehage, barnevern, brann, grunnskule, helse, kyrkje, næring, plan- og byggesak og samferdsle.

Tre administrative arbeidsgrupper har utarbeidd forslag til effektiviserings- og innsparingstiltak på minimum 15 mill. kroner kvar. Målet for arbeidet var ei samla årleg innsparing på 40 mill. kroner. Tabellen på neste side viser oversikt over samtlige tiltak med økonomisk effekt kvar av åra.

Nr	Sektor/ verksemd	Tiltak	Vedtak	Prioriterte innsparingstiltak			
			Budsjettendring 2020	ØP 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024
1	Barnehage	Seks barn per årsverk på avdeling	1,25	2,90	5,20	7,20	8,20
2	Skule	Plan for å vurdere skulestruktur	-	3,00	6,00	6,00	6,00
3	Barnehage	Plan for å vurdere barnehagestruktur	-	2,00	3,00	3,00	3,00
4	Vaksenoppl. og int.	Redusere bemanning programrådgjevar i Vaksenopplæring og integrering	0,70	1,60	1,60	1,60	1,60
5	SFO/Skule	Auka inntektene SFO med 10% og redusere tilbudsstrukturen	0,40	0,80	0,80	0,80	0,80
6	SFO/Skule	Ressursmodell for SFO. Redusere bemanning 1:16	0,50	1,30	1,30	1,30	1,30
7	Skule	Standard for midlar til materiell og utstyr	-	0,30	0,30	0,30	0,30
8	Skule	Redusere rammetimetale til ordinær undervisning til 7 årsverk per 100 elevar	1,40	2,00	-	-	-
9	Kultur	Endre bibliotekstruktur, færre filialar.	-	0,44	0,44	0,44	0,44
		Delsum oppvekst og kultur	4,25	14,34	18,64	20,64	21,64
1	Omsorg	Auka bruk av velferdsteknologi	0,20	0,40	0,60	0,60	0,60
2	Omsorg	Bemanningscenter	-	0,60	2,10	2,10	2,10
3	Omsorg	Elektronisk medisineringsstøtte	1,00	2,10	2,10	2,10	2,10
4	Omsorg	Helsefremmende arbeidstidsordningar og redusere sjukefravær	-	1,00	2,00	2,00	2,00
5	Omsorg	Betre planlegging av helgevakter	-	-	1,00	1,00	1,00
6	NAV	Styrke arbeidsretta oppfølging	0,30	1,00	1,00	1,00	1,00
7	Omsorg	Organisering av nattevakt og bruk av digitalt nattilsyn	-	0,90	0,90	0,90	0,90
8	Barnevern	Færre tiltak i barnevern ved betre tverrfagleg innsats	-	0,70	0,70	-	0,80
9	Omsorg	Redusert bruk av leiarressursar	-	0,40	0,80	0,80	0,80
10	Helse	Reduksjon av årsverk psykisk helse og rus	0,40	0,70	0,70	0,70	0,70
11	Helse	Reduksjon av årsverk organisering av frivilligarbeid	0,10	0,40	0,40	0,40	0,40
12	Helse	Reduksjon av årsverk og driftstilskot fysioterapi	0,30	0,50	0,50	0,50	0,50
13	Helse	Endra bruk av ressurs folkehelsekoordinator	-	0,20	0,40	0,40	0,40
14	Barnevern	Vurdering av advokat- og konsulenttenester i barnevernet	-	0,40	0,40	0,40	0,40
15	Omsorg	Organisering av matombringning	0,20	0,10	0,25	0,40	0,40
16	Helse	Frivillig arbeid i aktivitetstilbudet	-	0,10	0,10	0,10	0,10
17	Helse	Reduksjon av årsverk i skolehelsetjeneste	0,20	0,40	0,40	0,40	0,40
18	Helse	Reduksjon av årsverk bistillinger legetjeneste	0,10	0,30	0,30	0,30	0,30
19	Omsorg	Samlokalisering av bustadar, Butiltak psykisk helse	-	0,20	0,20	0,20	0,20
20	Omsorg	Hente inn inntekter på praktisk bistand, mindre etterspørsel?	-	0,10	0,10	0,10	0,10
		Delsum helse, sosial og omsorg	2,80	9,10	13,55	14,40	15,20
1	Adm	Redusere utgifter til politisk styring	-	-	-	-	0,80
2	Adm	Redusere utgifter til kontroll og revisjon	2,00	2,30	2,30	2,30	2,30
3	Adm	Avvikle fritidsforsikring	0,17	0,18	0,18	0,19	0,20
4	Adm	Redusere bemanning administrasjon	1,58	3,48	5,28	6,08	6,08
7	Samferdsel	Redusere utgifter til kommunale vegar	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30
13	Næring	Redusere tilskot til Sunnfjord utvikling	-	0,75	1,50	1,50	1,50
14	Næring	Redusere bemanning på landbruk	0,25	0,25	0,25	0,25	0,25
16	Kirke	Redusere tilskot til kyrkja	-	-	0,27	0,80	1,32
17	Eiendom	ENØK-tiltak	0,50	1,00	1,00	1,50	1,50
18	Eiendom	Vaskeri	0,15	0,45	0,45	0,45	0,45
19	Øvrige	Elektrifisering av bilparken	-	-	-	-	0,30
20	Øvrige	Redusere finanskostnader	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50
		Delsum teknisk og administrasjon	5,45	9,21	12,03	13,87	15,50
		SUM INNSPARING	12,50	33,05	44,62	49,31	52,74
		INNSPARINGSMÅL	12,50	40,00	40,00	40,00	40,00
		DIFFERANSE	-	6,95	- 4,62	- 9,31	- 12,74

Alle tiltak er omtalt og vurdert i [sluttrapport frå prosjekt om større økonomisk handlingsrom i Sunnfjord kommune](#).

Tiltaka summerer seg til 52,74 mill. kroner i 2024.

Eit tiltak er det i samband med budsjettendring 2020 halvert. Det er tiltak 5 i oppvekst og kultur - SFO satsar er auka med 5 % i staden for 10 %.

Då dei tre administrative arbeidsgruppene starta sitt arbeid var det basert på økonomianalyse frå Agenda Kaupang for rekneskapsåret 2018. Den viste at kostnadsnivået i Sunnfjord var 53 mill. kroner høgare enn snittet i Kostra-gruppe 13. Oppdatert økonomianalyse for rekneskapsåret 2019 viser at kostnadsnivået i Sunnfjord var 136,3 mill. kroner høgare enn snittet i Kostra-gruppe 13.

Kommunedirektøren tilrår derfor at vi gjennomfører effektiviserings- og innsparingstiltak i samsvar med det dei tre arbeidsgruppene har utarbeidd. På den måten aukar vi handlingsrommet i drifta til å kunne prioritere nye behov/tiltak.

Alternativet er å redusere effektiviserings- og innsparingstiltak til 40 mill. kroner gjennom å fjerne eller ta ned tiltak i tabellen. Då vil ein og måtte redusere handlingsrommet i drifta til nye behov/tiltak.

Det kan vere behov for å gjere endringar i innsparingstiltaka i planperioden, men då er hovudprinsippet at reduksjon i eit innsparingstiltak må løysast ved å auke andre innsparingstiltak innanfor same arbeidsgruppe. Det kan vere aktuelt å gjere til dømes med tiltak 13 og 16 i teknisk og administrasjon som er overføring til Sunnfjord Utvikling og til kyrkjeleg fellestråd. Det ligg skriv ved økonomiplanen som synleggjer utfordringar med desse innsparingstiltaka.

5.9 Prioriterte driftstiltak

Siste del av kapittel 4 omhandlar konsekvensjustert økonomiplan 2021-2024. Det er oppsummert eit positivt handlingsrom på 14,4 mill. kroner i 2021 aukande til 27,9 mill. kroner i 2024. Innanfor dette handlingsrommet er det prioritert driftstiltak ut frå behov omtalt i kapittel 5. Prioriterte driftstiltak er oppsummert i tabellen nedanfor. Tiltak markert med grønt er finansiert innanfor handlingsrommet frå 14,4 mil. Kroner til 27,9 mill kroner i 2024.

I tillegg tilrår kommunedirektøren å gjennomføre effektiviserings- og innsparingstiltak i samsvar med arbeidsgruppene sine forslag. Dette er omtalt i kapittel 5.8. Utover å finansiere vedtekne salderingstiltak på 25 mill. kroner og uløyste utfordringar innan omsorg på 14 mill. kroner, kan resterande effektiviserings- og innsparingstiltak nyttast til å auke handlingsrommet for å prioritere nye driftstiltak i økonomiplanperioden. Handlingsrommet frå effektiviserings- og innsparingstiltak utgjer 4 mill. kroner i 2022 aukande til 13 mill. kroner i 2024. Tiltak markert med gult er finansiert innanfor det utvida handlingsrommet.

Kapittel 5.1 til og med 5.7 presenterer behov for driftsmidlar innanfor dei ulike sektorane. Behova summerer seg til 100 mill. kroner årleg.

Prioritering av driftstiltak har lagt vekt på at auken i brukarar vil skje innan omsorg. I tillegg er det lagt vekt på at arbeidsgruppa for effektiviserings- og innsparingstiltak innan oppvekst og kultur har bidrege med ca. 6 mill. kroner meir enn dei andre arbeidsgruppene i 2023 og 2024. Det er lagt vekt på at dette bidraget skal kome oppvekstsektoren til gode.

Sektor	Tiltak - kva	Forslag til økonomiplan				Prioritet
		2021	2022	2023	2024	
Omsorg	Vekst brukarar i omsorgstenestene	2 500	5 000	7 500	10 000	1
Barnehage	Tilskot til private barnehagar	3 600	3 600	3 600	3 600	2
Skule	Vedlikehald og fornying av datamaskiner og digitale læremiddel/lisensar	1 500	2 500	3 500	4 500	3
Omsorg	Nytt tiltak Sande bu- og miljøteneste (netto)(brutto 2200)	1 500	1 500	1 500	1 500	4
Omsorg	Nytt BPA tiltak Førde bu- og miljøteneste, eining 1	800	800	800	800	5
Omsorg	Bu- og avlastingstenesta, bemanning av tiltak	800	800	800	800	6
Teknisk og miljø	Underdekning – byggvedlikehald (løpande vedlikehald, lov-/forskriftskrav)	1 500	2 500	2 500	2 500	7
Helse og sosial	Budsjettdekking for arbeid for yrkes og utviklingshemma (VTA)	885	885	885	885	8
Stab og støtte	Microsoft-lisensar (årleg leige O365/Teams i heile org.)	1 500	1 500	1 500	1 500	9
Helse og sosial	Lisensar Visma, RS, EPJ	100	100	100	100	10
Teknisk og miljø	Underdekning husleige	1 500	1 500	1 500	1 500	11
Teknisk og miljø	Drift av nye bygg/hallar	1 000	1 000	1 000	1 000	12
Kultur og idrett	Tilskotsmidlar til frivilliglivet, kultur og idrett – opptrapping	300	400	500	500	13
Kultur og idrett	Husleigetilskot til Dragehallen			500		14
Kultur og idrett	Digitale bibliotektenester og fokus på ny formidling	80	80			15
Kultur og idrett	Teatertilbod kulturskulen	40	100	100	100	16
Helse og sosial	Driftskostnader som ikkje er komen med i 2020 budsjettet	580	580	580	580	17
Skule/barnehage	Styrke kompetanseteam	2 000	2 000	2 000	2 000	18
Barnehage	Spes.ped og styrking	2 000	2 000	2 000	2 000	19
Stab og støtte	Lisens nye digitale løysingar	2 000	2 000	2 000	2 000	20
Barnehage	Redusert foreldrebetaling	2 400	2 400	2 400	2 400	21
Teknisk og miljø	Lovkrav/forskriftskrav brann – utdanning, stilling beredskap, husleige stasjon Vassenden	950	950	950	950	22
Skule	Auke i tal timar til tilpassa opplæring med 40 veketimar (60 min)	2 000	2 000	2 000	2 000	23
Helse og sosial	Fullfinansiering av utekontakt stilling	290	400	730	730	24
Helse og sosial	Butilbod i ein anna kommune, enkeltbrukar	480	480	480	480	25
Læringar		500	1 000	1 500	2 000	26
	SUM	30 805	36 075	40 925	44 425	

5.10 Disponering av reformstøtte

Reformstøtte til nye kommunar var ein del av [dei økonomiske verkemidla ved kommunereforma](#), som vart vedtatt av Stortinget våren 2014. Støtta avheng av tal innbyggjarar i den nye kommunen. Totalt får dei 43 nye kommunane utbetalt 820,4 millionar kroner. Det er ikkje lagt noko føringar på bruk av reformstøtta.

Sunnfjord kommune mottar 22,3 mill. kroner i reformstøtte. Desse midlane er pr. i dag ikkje disponert. Midlane er overført til Sunnfjord kommune og kan nyttast i 2020.

Kommunedirektøren føreslår følgjande disponering av midlane:

BRUK AV REFORMSTØTTE	- 22 314 000
IKT skule	9 000 000
Oppfinansiering av hallar (eiga sak i 2020)	7 500 000
Breiband (eiga sak i 2020)	4 314 000

Hall-leige Dragehallen 2021	500 000
Nærmiljøråd	1 000 000
SUM	-

Kort kommentar til kvar av tiltaka:

IKT skule

Det er utarbeidd ein plan for å auke skulane sin datakapasitet i samband med fagfornyinga. Investeringskostnadane er på 13 mill. kroner. I 2020 blir det investert for ca. 4 mill. kroner, og det manglar 9 mill. kroner for å fullføre planen. Dekningsgraden på digitale einingar per elev i Sunnfjord kommune, er på ca. 40 prosent. Frå hausten 2020 skal skulane arbeide etter nye læreplanar. I fagfornyinga er arbeidsmetodar som krev digitale hjelpemiddel vektlagt. Digitale ressursar skal erstatte lærebøker. For at skulane skal følgje opp intensjonane i fagfornyinga, må kvar elev ha tilgang til ei datamaskin, eller anna digital eining.

Oppfinansiering av hallar (eiga sak i 2020)

Det vert lagt fram eiga politisk sak om oppfinansiering av meirkostnad for pågåande byggeprosjekt i Sunnfjord kommune. Truleg vil det vere trong for ein større sum enn det som det no blir gjort framlegg om.

Breiband (eiga sak i 2020)

Sunnfjord kommune har ikkje tilfredsstillande breibandsdekning i heile kommunen. Vi deltek i anbudsprosessar i regi av Vestland fylkeskommune for fleire breibandsutbyggingar. Det vert lagt fram eiga politisk sak for finansiering av kommunal eigendel i utbyggingane. Kommunedirektøren tilrår ei løyving på tototalt 4,3 mill. kroner frå reformstøtta.

Hall-leige Dragehallen 2021 - tilskott

Det er løyvd 500.000 kroner til tilskott til hall-leige i Dragehallen i 2020 for etablering av turn- og klatretilbod. Det vert tilrådd å løyve 500.000 kroner i 2021 slik at leigeperioden kan forlengast. Ved utgangen av 2021 vil fleire nye hallar i Sunnfjord kommune vere klar for bruk. Det bør då vurderast løysing for turn og klatring i ein eller fleire av dei nye hallane.

Nærmiljøråd

Oppfølging av arbeidet i regi av Sunnfjord Utvikling og tettstadutvikling i Sunnfjord kommune. Etablerte nærmiljøråd bør tilførast midlar til gode formål i sitt område. Kommunedirektøren tilrår ei løyving på totalt 1 mill. kroner frå reformstøtta.

Kapittel 6 – Investeringar i økonomiplanen

Investeringsbehov og planar for kommunen

Fellesnemnda har vedteke handlingsregel om at lånegjelda ikkje skal auke i planperioden 2020-2023. Handlingsregelen er vidareført i forslag til investeringsplan for perioden 2021-2024.

Sunnfjord kommune står framfor vanskelege prioriteringar innanfor vedteken handlingsregel for nivå på investeringar. Førdepakken, utviding av Sunnfjord Næringspark, Friskhus i Naustdal og skulebygg i Gaular er dei største prosjekta i planperioden. I 2023 overtek kommunen Hafstad vidaregåande skule. Innmeldte behov summerer seg til 986 mill. kroner eksklusiv mva. i planperioden.

Tabellen på neste side viser prioriterte investeringar i gjeldande økonomiplan og forslag til prioriteringar i økonomiplan for perioden 2021 – 2024. Det er prioritert tiltak på til saman 646 mill. kroner i planperioden.

Det er gjort fleire endringar frå gjeldande til framlagt økonomiplan. Dette for å møte innmeldte behov, slik at desse ikkje må vente til 2022.

Dei mest sentrale endringane er at nytt symjebasseng i Førdehuset er skyvd frå 2021/2022 til 2024. Oppstart av Friskhuset i Naustdal er skyvd frå 2021 til 2022. Det er sett av midlar til ny Tusenfryd barnehage i 2021. Midlar til Sande skule er auka til 70 mill. kroner. Ytterlegare midlar vil medføre at symjebassenget i Førdehuset vert skyvd ut av planperioden. Det er sett av midlar til kjøp av Hafstad vgs, men løyvinga medfører auka lånegjeld. Det er prioritert midlar til butiltak psykisk helse og bustadar til eldre i 2023 og 2024.

Finansiering

Årleg låneopptak er 95 mill. kroner. Dette er same beløp som kommunen har budsjettert i årleg avdrag. Lånegjelda vil på denne måten ikkje auke. Det er viktig å understreke at årleg låneopptak er auka med 14 mill. kroner etter oppdatert berekning av minste tillatte avdrag. I driftsbudsjettet er dette finansisert gjennom lågare rentekostnad. I investeringsbudsjettet medfører auken på 14 mill. kroner årleg eit større handlingsrom til å prioritere investeringar.

Det er lagt til grunn overføring frå drift til investering på 35 mill. kroner i 2021 aukande til 46 mill. kroner i 2024. Det er samsvar med budsjettert overføring i drift og bruk av overføring i investering kvart av åra i økonomiplanen. Disposisjonsfondet vil på denne måten ikkje bli påverka.

Det er lagt til grunn bruk av 9 mill. kroner i reformstøtte til finansiering av IKT-investeringar innan grunnskule i 2021.

Det vert tilrådd brot på handlingsregel om å ikkje auke lånegjelda for kjøp av Hafstad vidaregåande skule i 2023. Kostnad på 100 mill. kroner vert foreslått finansiert med auka låneopptak.

Andre særskilte tilskot er omtalt under kvart av investeringsprosjekta.

0 Sektor	Tiltak - kva	Gjeldande økonomiplan				Vedtatt økonomiplan				
		2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024	
101	Stab og støt	Førdepakken - kommunal del	27 945	27 945			28 000	28 000	28 000	
101	Stab og støt	Førdepakken - anleggsbidrag utbyggingsavtale	-2 500	-2 500			- 2 500	- 2 500	- 2 500	
101	Stab og støt	Eigenkapitalinnskott - KLP	3 200	3 300			4 500	4 600	4 700	
101	Stab og støt	IKT-investeringar (møteromsutstyr, datasenter, felleskost.)	1 100	1 100			1 000	1 000	1 000	
101	Stab og støt	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (eiga oversikt)		3 500			4 059	4 195	4 500	
101	Stab og støt	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (omdisp. tidl. løyving)					- 750	- 1 150		
102	Skule	Innkjøp av datamaskiner til elevar	3 600	3 600			9 000			
102	Skule/BEF	Uteområde Sunde skule					3 500			
102	Skule/BEF	Uteområde Skei skule						3 500		
102	Skule/BEF	Uteområde Vassenden skule							3 500	
102	Skule/BEF	Delfinansiering av uteområde ved spelemidlar					- 750	- 750	- 750	
103	Barnehage	IKT-utstyr tilsette	250	250			350	350	350	
103	Barnehage	IKT-utstyr barn					100	100	100	
104	BEF/Helse og so	Div. ombygging, legekontor på Sande, Fysio/ergoterapi, Psykisk helse og rus					2 300			
104	BEF/omsorg	Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustader (sjølvfin.)						20 653		
104	BEF/omsorg	Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustader - husbanktilskott						-5 993		
104	Helse og so	Digitalisering, diverse utstyr					300		100	
104	Helse og so	Utskifting PC park, auke investeringsbudsjettet	200	200			200	200	200	
105	Omsorg	Pasientvarslingssystem/låsesystem - oppgradering					2 500			
105	Omsorg	Datautstyr; oppgradering pc'ar og trådløst nettverk	125	125			300	300	125	
105	Omsorg	Hjelpemiddel, sengar og nattbord					100	100	100	
105	Omsorg	Inventar og utstyr	200	200			100	100	100	
105	Omsorg/BE	Påbygging/ombygging (omfattande liste)					10 000			
105	Omsorg/BE	Kapasitetsutviding bustad eldre							26 796	
105	Omsorg/BE	Kapasitetsutviding bustad eldre - (husbanktilskott)							- 7 776	
105	Omsorg/BE	Riving/modernisering av Pensjonistheimen		10 000						
106	Kultur og id	Skifte ut utstyr, Kino Førde					3 450			
106	Kultur og id	Mulighetsstudie av Førdehuset, 3-D-modell					500			
106	Kultur og id	Astruptunet visningscenter								
106	Kultur og id	Folkemusikkinstrument - inntekter i drift på utleige					300	305	605	
106	Kultur og id	Førde bibliotek - oppgradering, utvikling og meirope						100	350	
106	Kultur og id	Utskifting av lys i idrettshall - Førdehuset						1 570		
106	Kultur og id	Utskifting av lys i idrettshall - spelemidlar					- 467			
107	Teknsik og t	Sikring mot naturfare					1 000	1 000	1 500	
107	Teknsik og t	Brann – bygg, utstyr, brannbil, kommandobil						1 500	1 500	
107	Teknsik og t	Brannstasjon/teknisk drift – Skei og forprosjekt Førde					6 000	2 000		
107	Teknsik og t	Golvmaskin, moppevakser, anna reinhald					1 250	200	200	
107	Teknsik og t	Rehabilitering bygg – (detalj i plan)	1 000	1 000			8 000	12 000	14 000	
107	Teknsik og t	ENØK – kommunale bygg	3 820	1 100			7 000	7 000	7 000	
107	Teknsik og t	Bustader - sal av bustader	-4 000				- 5 000			
107	Teknsik og t	Sande skule	7 500	7 500	25 000		15 000	15 000	20 000	
107	Teknsik og t	Intensjonsavtale om kjøp av Hafstad vgs							100 000	
107	Teknsik og t	Ny 4 avd. barnehage på Slåtten inkl. grunnerverv	13 000				36 000			
107	Teknsik og t	Sal av Tusenfryd					- 8 000			
107	Teknsik og t	Symjebasseng – Førdehuset	21 565	19 860			2 000		82 376	
107	Teknsik og t	Symjebasseng - Førdehuset (spelemidlar)							- 32 760	
107	Teknsik og t	Gaular idrett og fritidspark, Bygstad	8 125	5 380			13 505			
107	Teknsik og t	Friskhus Naustdal	10 100	13 500	25 000			23 100	25 500	
107	Teknsik og t	Uteareal/parkering friskhus Naustdal	1 000	11 500				12 600		
107	Teknsik og t	Astruptunet – visningscenter							34 500	
107	Teknsik og t	Astruptunet – visningscenter (tilskott)							- 24 000	
107	Teknsik og t	Gamblebanken i Førde ref. BY 064/19						3 000		
107	Teknsik og t	Kommunale vegar (detalj i plan)	1 600	1 600			10 750	11 250	6 250	
107	Teknsik og t	Trafikktryggleiksplan (eigenandel)	4 375	4 375			4 375	4 375	3 200	
107	Teknsik og t	Maskiner og utstyr	125	125			1 250	1 250	1 250	
107	Teknsik og t	Helgåsvegen							5 600	
107	Teknsik og t	Smihogen	8 000	4 000						
107	Teknsik og t	Sal av tomter Smihogen bustadfelt	-3 250	-3 250						
107	Teknsik og t	Sunnfjord Næringspark	20 000	20 000			20 000	20 000		
107	Teknsik og t	Sal av tomter Sunnfjord næringspark	-10 000	-10 000			- 20 000	- 20 000		
107	Teknsik og t	Tiltaksplanar VAO (detalj i plan)	15 350	15 350			17 000	17 000	17 000	
		Universell tilrettelegging kommunale bygg	1 000	1 000			-	-		
		Rehabilitering symjehall	1 100	1 100			-	-		
		Eigenandel til sykkelparkeringsprosjekt	125	125			125	125	125	
		Gatebelysning	1 250	1 250						
		SUM BRUTTO PRIORITERTE INVESTERINGSTILTAK (heile tusen)	135 905	143 235	50 000	0	163 764	162 403	257 015	169 966
		SUM ÅRLEG FINANSIERINGSBEHOV	115 673	121 557	40 000	0	137 811	132 790	235 052	140 332
		ÅRLEG INVESTERINGSRAMME	115 746	121 475	127 210	127 210	128 846	132 764	135 079	140 310
		BRUK AV REFORMSTØTTE					9 000			
		BROT HANDLINGSREGEL							100 000	
		DIFFERANSE	0	0	-87 210	-127 210	0	0	0	0



Prosjektomtale

Førdepakken

Tidlegare Førde kommune, no Sunnfjord kommune, har forplikta seg til å bidra med 150 mill. kroner til finansiering av Førdepakken. Fylkeskommunen og staten går inn med tilsvarende beløp. Beløpet skal indeksregulerast årleg. Årleg beløp er fordelt over åra 2018-2023.

Eigenkapitalinnskot – KLP

KLP er eigd av kommunane og vi må derfor årleg bidra med eigenkapitalinnskot tilsvarende veksten i KLP. Eigenkapitalinnskotet kan ikkje lånefinansierast.

IKT

Stab/støtte

møteromsutstyr, datasenter, felleskostnader

Skule

Det er utarbeidd ein plan for å auke skulane sin datakapasitet i samband med fagfornyinga. Investeringskostnadane er på 13 mill. kroner. I 2020 blir det investert for ca. 4 mill. kroner, og det manglar 9 mill. kroner for å fullføre planen. Dekningsgraden på digitale einingar per elev i Sunnfjord kommune, er på ca. 40 prosent. Frå hausten 2020 skal skulane arbeide etter nye læreplanar. I fagfornyinga er arbeidsmetodar som krev digitale hjelpemiddel vektlagt. Digitale ressursar skal erstatte lærebøker. For at skulane skal følgje opp intensjonane i fagfornyinga, må kvar elev ha tilgang til ei datamaskin, eller anna digital eining.

Barnehage

Det vil vere behov for å styrke IKT-utstyret i barnehagen for å stette krava i rammeplanen om å ha ein digital praksis der barn kan drive med leik og læring og vere kreativ.

Maskinparken til tilsette er generelt av eldre årgang i barnehagesektoren. Det er behov for ei oppgradering av utstyret for å ha gode arbeidstilhøve for tilsette, dette gjeld både for leing, pedagogar og øvrige tilsette.

Det må vere ein fast sum i investeringsbudsjettet til IKT-utstyr i barnehagane slik at sektoren kan rullere ut gammalt utstyr og at det ikkje blir større kostnadar for kommunen, men ei jamn utskifting.

Helse og sosial

Alle einingane i Helse og sosial må oppgradere pc-parken til å handtere windows 10. Nokre einingar er starta på oppgraderinga i 2020. I tillegg kjem krav om at fleire tilsette må ha lisensar.

Omsorg

Fleire einingar har behov for å oppgradere pc-parken til å handtere windows 10. Fleire einingar melder også behov for trådløst nett i personalbasane og projector/tv-skjerm.

I samband med ny programvare og mobile løysingar, er det behov for å utvide maskinparken med fleire bærbare pc'ar og nettbrett, som også fører til fleire lisensar.

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

Behov for investering i nye tenestebilar, ny hjullastar, tiltak i kyrkjene, tiltak på grasplassane og parkeringsplassane. Fullstendig omtale av innspel frå Sunnfjord kyrkjelege fellesråd følgjer som vedlegg.

Fossesenter

Førde kommune har løyvd 1 mill. kroner og Statens vegvesen 3 mill. kroner til realisering av Fossesenteret ved Nasjonal Turistveg på Gaularfjellet. Det er ikkje prioritert midlar i planen.

Freds- og demokratimonument Festplassen

Førde kommune har løyvd 2 mill. kroner til monumentet. Bystyret har valgt å gå vidare med Arild Waage sitt forslag til freds- og demokratimonument. Det er meldt inn behov for tilleggsløyving på 750.000 kroner. Det er ikkje prioritert midlar i planne.

Utemiljø og utstyr til hall på Vassenden

Utemiljøet til Sunde skule er ikkje utvikla etter utbygginga. Det er utarbeidd ein plan for arbeidet som inneheld soner med aktivitet for elevane.

Bygging av storhallen ved Skei skule har redusert uteområdet. Elevane har fått redusert plass og manglar tilgang til eit opparbeidd område. Det er utarbeidd ein plan for å utvikle og tilpasse uteområdet til hallen. Planen er utarbeidd av iVest Consult.

Vassenden har eit uteområde som er lite utvikla spesielt for dei yngste elevane. Bygging av hall har påverka uteområdet til skulen og det er behov for å tilpasse og utvikle uteområdet vidare. Det er utarbeidd ein plan av iVest Consult.

Det er behov for å investere i utstyr til hallen som blir bygd ved Vassenden skule. Det er hovudsakleg utstyr til kroppsøving som manglar.

Diverse ombyggingar helse og sosial

Legesenteret og Fysio/ergoterapitenesta på Sande omsorgssenter har i lengre tid hatt for liten plass til å utøve tenestene på ein tilfrdstillande måte, både for pasientar og dei tilsette. Gaular kommune starta hausten 2019 å planlegge ombygging av kontorfløyen som Helsestasjonen på Sande omsorgssenter har hatt tidlegare. Kommunen klarte ikkje å gjennomføre ombygginga før kommunesamanslåinga. Planen er å få plass til ekstra kontor til lege og ergoterapeut, samt betre fasilitetar for laboratorium, undersøkingsrom, ekspedisjon og venterom.

Butiltak psykisk helse

Sunnfjord kommune har eit aukande tal brukarar som er einsame, har dårlig buevne, er alvorleg psykisk sjuke og som går i ein «loop» mellom innlegging i spesialisthelsetenesta og eigen bustad. Fleire av desse treng tettare oppfølging enn det kommunen klarer å gi i dag. Dei treng døgnkontinuerleg oppfølging i eigna bustader med moglegheit til fellesrom og å kunne få måltid servert.

Dette er tilnærma ein institusjon, og er eit tilbod som mange kommunar for tida bygger opp, og som spesialisthelsetenesta utfordrar kommunane til å etablere. Det er også føringar frå Helsedirektoratet på at desse brukarane må få eit betre og meir framtidretta tilbod. Dette tiltaket vil vere framtidretta og fornuftig både fagleg og økonomisk.

Ei prosjektgruppe har jobba med dette og stipulert at ein treng 10 bustader for å dekke dagens og framtidens behov for døgnbemanna bustader til alvorleg psykisk sjuke. Det er derfor behov for å gjere eit forprosjekt for å planlegge dette vidare. Desse bustadene vil gå inn under omsorgsbustader og Husbanken vil gi tilskot. Husbanken dekker 45% av kostnadene til leilighetene og fellesareal, maksimalt 1 540 000 pr. leilighet. Husbanktilskot

er utrekna frå estimert overslag på bruttokostnad til å bli ca. 12 960 000 kr. Tiltaket er prioritert inn i 2024.

I tillegg er det behov for tilpassa rusbustader i Sunnfjord kommune. I Førde sentrum har det vore ei utfordring å finne eigna bustader til aktive rusmissbrukarar. Sunnfjord kommune har ikkje mange aktive rusmissbrukarar, men det har skapt mykje utfordringar for omgivnadene når busituasjonen ikkje er optimal. Ei prosjektgruppe har sett på behovet, og er kome til ein konklusjon på at Sunnfjord kommune må bygge 4 tilpassa bustader for brukarar som har utfordringar med rus og å bu i den kommande økonomiplanperioden. Sunnfjord kommune har investert i eit minihus. Utfordringa er å finne eigna plass/tomt til minihuset. Denne type bustad vil fungere godt som ei midlertidig bustad for denne brukargruppa. Ein bør investere i 1 minihus til for å ha løysingar på kort sikt fram til ein har fått bygt tilfredsstillande bustader til denne gruppa. Husbanken dekkjer 45% av kostnadene til leiligheitene og fellesareal, maksimalt 1 540 000 pr. leiligheit. Husbanktilskot utrekna frå estimert overslag på bruttokostnad til å bli ca. 4 500 000 kr. Desse bustadene har ikkje kommunedirektøren funne plass til på prioritert liste.

Påbygging/ombygging omsorg

Sande omsorgssenter har meldt behov for å bygge om medisinrom og få montert avtrekk. Ved Naustdal omsorgssenter er det behov for å lydisolere ein vegg mellom einingsleiar sitt kontor og vaktrom. I tillegg er det meldt om defekte vindauger i kjøkkenet som bør skiftast. Skei omsorgssenter har behov for ombygging og utviding av garderober.

Førde bu- og miljøteneste, eining 1 sin personalbase er liten, manglar garderobeløysing, kjøkken og bad er slite. Ei leiligheit vert nytta til kontor og møterom. Når bu- og avlastingstenesta flyttar inn i nye lokale, vert det frigjort leilegheiter som truleg vert overtatt av eining 1. Det kjem til fleire tilsette. Det er meldt inn behov for å bygge på eksisterande personalbase eller bygge ny personalbase og knyte saman eksisterande eining med lokale som i dag er bu- og avlastingsteneste. Det vert frigjort ei leiligheit som kan leigast ut.

Førde bu- og miljøteneste, eining 3 har personalbase i ei leiligheit i bygget. Det er lokale i kjellaren som kan byggast om til personalbase. Dette vil frigjere ei leiligheit som kan leigast ut. Eininga melder og behov for å spesialtilpasse bustad til ressurskrevjande tenester.

Kjøkkentenenesta melder om behov for å skifte kjøl- og fryseanlegg ved Førde omsorgssenter, samt ødelagte fliser på golv.

Førde heimeteneste, eining 1 og 2 melder om behov for utviding av personalbase og eigna rom til LAR utdeling (Legemiddelassistert rusbehandling), sårskift og liknande.

Kapasitetsutviding bustad eldre

Den demografiske utviklinga tilseier at tal eldre er i sterk vekst fram mot år 2040. Auken vil føre til auka behov for tenester, men og for fleire omsorgsbustadar og institusjonsplassar. Vi må allereie no planlegge for denne auken. I tillegg er det andre brukargrupper som har behov for tilpassa bustadar. Personar med funksjonsnedsetjing har ofte lang butid i tilrettelagt bustad, frå fylte 18 år og resten av livet.

Kommunen har mange omsorgsbustadar, også fleire ledige omsorgsbustadar. Årsaka til at bustadane er ledige, er fleire. Sjølv om omsorgsbustadane skal kunne tildelast alle med behov for tilrettelagt bustad, så må det takast omsyn til brukargruppe, tenestetilbod, lokalisering, ønske, nettverk m.m. Det kan vere uheldig å blande brukargrupper.

Det er behov for å utarbeide ein bustadsosial handlingsplan for Sunnfjord kommune, gjennomføre ei kartlegging over behov for bustad, type bustad kommunen har, mogleg omdisponering av bustadar, sal av bustadar og behov for nye bustadar. Bygging av bustadar til butiltak psykisk helse vil kunne frigje bustadar til andre brukargrupper. Kommunen kjøper tenester til fleire ressurskrevjande tenester. I bustadsosial handlingsplan må det vere ei vurdering om kommunen har bustadar og ressursar til å tilby desse tenestene sjølv.

Skifte ut utstyr, Kino Førde

Garantitida på utstyr ved Kino Førde går ut ved årskiftet 2020/2021. Utskifting av kinomaskinar, lerret og lydanlegg er naudsynt. Kostnaden er sett opp under føresetnad av at ein kjem med på redusert tilbod gitt til Kinoalliansen, der Kino Førde er medlem.

Moglegheitsstudie av Førdehuset

Tilstandsanalyse og moglegheitsstudie av kommunen si kulturelle storstove, Førdehuset, vil vere svært viktig for å få ei gjennomtenkt løysing for heile huset og området rundt, både sett i lys av at Teater Vestland kanskje vil flytte ut, og i høve behov for nye løysingar for bibliotek, kafé og vringleareal og med planar for ny symjehall og disposisjon av uteområdet rundt huset.

Folkemusikkinstrument til undervisning

Kulturskulen tilsette to nye distriktsmusikkarar innan folkemusikk i 2019. Kulturskulen eig ikkje instrument å leige ut til elevar på desse instrumenta, noko som er naudsynt når ein no får auka etterspørsel etter tilbodet.

Førde bibliotek - oppgradering, utvikling og meirope

Tilskost til bibliotek utanom normal opningstid ved hjelp av adgangsbrikke (meirope bibliotek) og automatisering av bibliotektenester gjev nye moglegheiter for brukarane, også til å bruke biblioteket som sosial møte plass og for møte og arrangement på kveldstid. Dette vil bidra til å frigjere personalressursar som kan nyttast til meir rettleiing, litteraturformidling og arrangement. Biblioteket har òg gratis utlån av utstyr. Denne ordninga kan vidareutviklast.

Utskifting av lys i idrettshallen, Førdehuset

Idrettshallane i Førdehuset har ikkje god nok lysstyrke til å vere godkjent av handballforbundet for kampar i elite- og 1. divisjon. Førdehuset har sidan sommaren 2019 hatt dispensasjon frå kravet, denne går ut 30.04.20.

Sikring mot naturfare

Løyvinga vil omfatta *mindre* rehabilitering av rasvollar og tryggleikstiltak for å sikre mot flom, skred.

Reguleringsplan Kjøsnes – parkanlegg

Tunellmassar frå Statens Vegvesen frå RV5 vert nytta til parkanlegg ved Kjøsnes. Kommunen regulerer og planlegg området. Det er lagt opp til at parkanlegg må finansierast av fondsmidlar.

Brann – Utstyr, brannbil, kommandobil

Brann og redning må skifte og oppdragere utstyr. Dette gjeld brannbil ved stasjonane og andre køyretøy.

Brannstasjon – Skei/Førde

Sunnfjord kommune er pålagt av arbeidstilsynet å oppgradere brannstasjonane i Førde og på Skei. Kravet gjeld etablering av garderobe med sone for av- og påkledning av «rein» og «urein» bekledning. Stasjonane har heller ikkje garderobe for kvinner.

Golvmaskin, moppevakser, anna reinhald

Nye hallar i Sunnfjord krev nye maskiner for å kunne utføre effektivt og godt reinhald. Utover i planperioden vil løyving bli brukt til utskifting av utrengerte maskiner.

Rehabilitering bygg

Sunnfjord kommune disponerer 80 bygg på 139.000 m². Alle bygg er synfart og vurdert i tilstandsklassar. Det er estimert eit stort behov for oppgradering. Behova er kategorisert utfra lovkrav (td. brannvern), universell utforming, skade på konstruksjon, lekkasje mv. For å oppgrader bygg i samsvar med kartlegginga må tiltaka finansierast i og etter planperioden.

ENØK – kommunale bygg

Bygg i Førde og Jølster er kartlagt for enøkpotensiale. Tilsvarande vil bli gjort fort Naustdal og Gaular. Kartlegging er naudsynt for tilskott frå ENOVA. Kommuneen har energikostnader på 24 mil. kr. Tiltak skal bidra til reduserte energikostnader i innsparingsprosjektet.

Sal av bustader

Sunnfjord kommune disponerer 400 bustader. Bustader vil bli selde for å realisere andre investeringar og fordi ein for stor del av bustadene har for låg utleigegrad.

Sande Skule

I sak KST-038/19 om Årsbudsjett og økonomiplan 2020-2023 for Sunnfjord kommune vart det mellom anna gjort følgjande vedtak knytt til skulane i Sunnfjord:

Det må utarbeidast ein heilskapleg plan for rehabilitering av skulane i Sunnfjord kommune. For Sande skule og Førde Barneskule må det avklarast løysingar og kostnader som må ligge føre til behandling av økonomiplanen i Sunnfjord kommune i juni 2020. Kommunestyret løyver 2 mill. i planleggingsmidlar for å få fram avgjerdsgrunnlag.

Sweco Norge AS og Arki AS har vore engasjert av Gaular kommune for å utarbeide tilstandsrapport for Sande skule. Sunnfjord kommune har ikkje sett behov for ytterlegare dokumentasjon av bygget. Rapporten beskriv tilstand på skulen sin bygningsmasse, oppdelt i fagområde. Rapporten omhandlar og oppgradering av eksisterande bygningsmasse, samt vurdering av kostnader for etablering av manglande areal.

Skulen si bygningsmasse framstår etter deira gjennomgang av to tilstandsklassar. Nybygg og rehabilitert del frå 2013, garderobe og administrasjonsfløy framstår i god stand. Resterande bygningsmasse har store behov for rehabilitering / modernisering.

Anbefalte tiltak neste fem år er estimert til ca. 52,8 millionar kroner medan samla sum i planperioden er på 70 mill. Summane er inkludert mva, usikkerheit (marginar og reserve), rigg og drift, samt administrasjonskostnader. For samla kritisk vedlikehald er det nytta ein sum på kr. 31,8 mill. Ramma som er avsett i økonomiplanen dekkjer oppgradering og rehabiliteringsbehovet.

Det vert arbeidd vidare med kartlegging av skulane ut frå løyvinga som er gitt. Det er lagt fram eiga sak for korleis dette arbeidet skal gjennomførast.

Hafstad vidaregåande skule

Det er inngått intensjonsavtale mellom Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om at Førde kommune skal kjøpe Hafstad vgs. Dette var ein viktig premis for sak om etablering av Førde vgs der studiespesialisering og yrkesretta utdanning er slått saman til ein ny skule på Indre Øyrane. Skulen skal stå ferdig i 2023. Ein premis som låg til grunn for kjøpet av Hafstad vgs var at kommunen då kan seie opp leigeavtalar der aktivitetseininga og vaksenopplæring og integrering er i dag. Desse einingane har pr. i dag ikkje behov for heile bygget. Det er nødvendig å startast ei arbeid i 2020 for å planlegge bruken av Hafstad vgs når den står ledig frå 2023.

Tusenfryd barnehage

Førde bystyre fatta den 22.11.2018 politisk vedtak om å sjå på samanslåing av Tusenfryd- og Hatlehaugen barnehage til ny 6 avdelings barnehage, på avsett tomt ved Slåtten skule. Bakgrunnen for vedtaket i Førde bystyre er at Tusenfryd barnehage ikkje er godkjend etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar, skular m.v. Det blir utarbeida eiga politisk sak for å ta stilling til korleis ein løyser dette. Konsekvensane av det politiske vedtaket kan føre til auka investeringskostnadar for Sunnfjord kommune. Det er prioritert investeringsmidlar til ein ny 4 avdelingsbarnehage ved Slåtten. Det er lagt til grunn sal av Tusenfryd barnehage.

Rehabilitering av symjehallen i Førdehuset

Førde kommune har søkt å byggje ut symjeanlegg ved Førdehuset innanfor for ordninga med særskilde tilskot ved større interkommunale idrettsanlegg. Jølster og Naustdal kommune støtta søknaden.

Det er ikkje gjennomført noko omfattande rehabilitering/oppgradering av bassenget sidan det stod ferdig i 1970. Rehabilitering av symjehallen gjer at kommunen kan tilby like tilhøve for symjeundervisning for alle elevane i den nye kommunen. Med investeringa er det planlagt å bygge eit nytt basseng på 25 x 15,5 meter. I tillegg må ein rehabilitere dagens bassenganlegg, som består av eit 25 x 12,5 meter basseng, eit stupebasseng, ei vassklie og eit opplærings/plaskebasseng.

Det er sett av 2 mill. kroner i 2021 til prosjektering av ny symjehall i Førdehuset. Løyving til symjehall er sett av i 2024.

Idrett og fritidspark, Bygstad

Økonomiplanen legg opp til å avsette investeringsmidlar til fullføring av idretts- og fritidspark i Bygstad. Idretts- og fritidsparken består av fotballhall, 3 løpebaner, lengdegrop og hoppegrop for turn. Hallen vert lokalisert ved sidan av Bygstad skule.

Friskhus Naustdal

Investeringa dekkjer lokale til helsefunksjonar, open omsorg og omsorgsbustader i Naustdal. Utbygginga er planlagt med ombygging/rehabilitering av kommunehuset. Tomta kan romme ei større utbygging enn kommunen sitt behov. Opprinnelege planar i Naustdal kommune omfattar 3000 rutemeter bygg til bustader og kontorfunksjonar. Sunnfjord kommune vil utarbeid plan for omsorgsbustader før ev planlegging av omsorgsbustader tek til. Investeringsmidlar til dette er ikkje lagt inn no.

Astruptunet - visningscenter

Det er eit mål å kunne ta i mot fleire besøkande ved Astruptunet. Sunnfjord kommune ynskjer å legge forholda betre til rette for å vise fram Nikolai Astrup sin kunst i og rundt tunet, med betra tilkomstveg, parkering, og eit mindre visningscenter. Prosjektet forutset ekstern deltaking for å kunne finansiere prosjektet. I økonomiplanen er det sett av 12 mill. kr. som Sunnfjord kommune sin del i visningscenteret. Andre kjelder til finansiering er fylkesmidlar, private gåver mv. I tillegg jobbar Sunnfjord kommune med å rehabilitere hagen og bygga i Astruptunet. Dette arbeidet er finansiert av Sparebankstiftelsen DNB.

Gamlebanken i Førde

Sunnfjord kommune vil i 2020 sikre nytt tak på bygget og male ytterveggar. Det er eit mål å ruste opp toalett og kjøkken i første etasje (k.sak 063/20). I økonomiplanen er det sett av midlar til anna naudsynt oppgradering. Full rehabilitering krev ekstern finansiering utover økonomiplanavsetjinga.

Veg – fornying og vegvedlikehald

Sunnfjord kommune har eit utdatert vegnett og dyr drift på deler av strekningane. Løyving til veg vil bli prioritering til asfaltering og utbetring av vegnettet for å spare driftsmidlar. Kommunen har 100 km veg utan fast dekke av totalt 300 km kommunal veg. Ein mindre del av investeringssummen vil bli nytta til utstyr. Løyvinga er naudsynt for å redusere meirforbruk frå tidlegare år og manglande oppfølging av kommunale vegar.

Trafikktryggleiksplan (eigenandel)

Løyvinga gjeld eigeandel til fylkeskommunal utbetring av trafikkfarleg punkt. Kommunen vil søke medverknad med skular, barnehagar og grendelag om viktige prosjekt. Årleg vil trafikktryggleiksplan bli lagt fram til politisk handsaming.

Helgåsvegen

Helgåsvegen skal rustast opp for å kunne fornye VA og legge grunnlag for vidare utbygging av byggefeltet aust for Naustdal sentrum. Det er inngått utbyggingsavtale i samband med vidare utbygging i området.

Smihogen

Tidlegare prioriterte midlar til utvikling av bustadområdet i Smihogen (Vassenden) er teke ut av økonomiplanen. Det vert tilrådd at Sunnfjord tomteselskap overtek utvikling av bustadområdet.

Sunnfjord Næringspark

Førde kommune har bygd ut areal K1 i Sunnfjord Næringspark. Deler av arealet er solgt. Det er regulert 3 felt i Jølster kommune som det må setjast av pengar til å ferdigstille. Beløp i tabell er henta frå økonomiplanen til Jølster kommune. Det må først takast stilling til om området skal byggast ut i eigen regi.

Tiltaksplanar VA

Høg forsyningstryggleik av vatn er avhengig av fleire fysiske og tekniske funksjonar som sanering av gamle nett, reservekapasitet og hygieneiltak. Det er laga ein plan over alle tiltaka innan VA der dei enkelte prosjekta er prioritert. Handlingsreglen gjer at det ikkje er rom til å dekke investeringsbehova med lånemidlar. Ei gebyrauke er naudsynt for å balansere VA budsjettet.

Eigenandel til sykkelparkeringsprosjekt



Eigenandel i prosjekter som er forankra i sykkelstrategi for Førde sentrum.

Vedlegg

Hovudoversikter

Driftsinntekter	Budsjett 2020	ØP 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024
Rammetilskudd	742 584 178	749 614 178	757 564 178	764 983 178	772 403 178
Inntekts- og formuesskatt	636 561 822	637 860 822	637 860 822	637 860 822	637 860 822
Eiendomsskatt	75 253 000	78 253 000	78 253 000	78 253 000	78 253 000
Andre skatteinntekter	-	-	-	-	-
Andre overføringer og tilskudd fra staten	79 079 753	79 079 753	79 079 753	79 079 753	79 079 753
Overføringer og tilskudd fra andre	172 088 345	172 088 345	172 088 345	172 088 345	172 088 345
Brukerbetalingar	71 963 227	71 963 227	71 963 227	71 963 227	71 963 227
Salgs- og leieinntekter	184 698 482	184 698 482	184 698 482	184 698 482	184 698 482
Sum driftsinntekter	1 962 228 807	1 973 557 807	1 981 507 807	1 988 926 807	1 996 346 807
Lønnsutgifter	1 050 004 022	1 050 004 022	1 050 004 022	1 050 004 022	1 050 004 022
Sosiale utgifter	284 339 215	284 339 215	284 339 215	284 339 215	284 339 215
Kjøp av varer og tjenester	398 390 662	398 390 662	398 390 662	398 390 662	398 390 662
Overføringer og tilskudd til andre	116 365 667	116 365 667	116 365 667	116 365 667	116 365 667
<i>Innsparing</i>	- 12 500 000	- 31 900 000	- 43 470 000	- 48 660 000	- 53 540 000
<i>Prioriterte driftstilak</i>	-	21 345 000	37 600 000	48 136 000	55 459 000
Avskrivningar	-	-	-	-	-
Sum driftsutgifter	1 836 599 566	1 838 544 566	1 843 229 566	1 848 575 566	1 851 018 566
Brutto driftsresultat	125 629 241	135 013 241	138 278 241	140 351 241	145 328 241
Renteinntekter	8 686 000	7 832 000	7 730 000	7 627 000	7 522 000
Utbytter	27 702 840	27 702 840	27 702 840	27 702 840	27 702 840
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	7 072 000	7 072 000	7 827 000	8 172 000	8 531 000
Renteutgifter	- 62 282 713	- 48 282 713	- 48 282 713	- 48 282 713	- 48 282 713
Avdrag på lån	- 80 916 437	- 94 916 437	- 94 916 437	- 94 916 437	- 94 916 437
Netto finansutgifter	- 99 738 310	- 100 592 310	- 99 939 310	- 99 697 310	- 99 443 310
Motpost avskrivningar	-	-	-	-	-
Netto driftsresultat	25 890 931	34 420 931	38 338 931	40 653 931	45 884 931
Overføring til investering	- 26 300 000	- 34 830 000	- 38 748 000	- 41 063 000	- 46 294 000
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	409 069	409 069	409 069	409 069	409 069
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-	-
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	- 25 890 931	- 34 420 931	- 38 338 931	- 40 653 931	- 45 884 931
Fremført til inndeckn. i senere år (merforbruk)	-	-	-	-	-

Bevilgningsoversikt - invest.	Budsjett 2020	ØP 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024
Investeringer i varige driftsmidler	171 175 000	195 699 000	179 894 000	260 010 000	174 570 000
Tilskudd til andres investeringer	100 000			-	-
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	3 100 000	4 500 000	4 600 000	4 700 000	4 800 000
Utlån av egne midler	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	-	-	-	-	-
Sum investeringsutgifter	174 375 000	200 199 000	184 494 000	264 710 000	179 370 000
Kompensasjon for merverdiavgift	23 804 000	25 953 000	29 613 000	21 963 000	29 634 000
Tilskudd fra andre	20 155 000	11 500 000	1 217 000	6 768 000	8 526 000
Salg av varige driftsmidler	22 500 000	33 000 000	20 000 000	-	-
Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	-	-
Utdeling fra selskaper	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-	-	-
Bruk av lån	80 916 000	94 916 000	94 916 000	194 916 000	94 916 000
Sum investeringsinntekter	147 375 000	165 369 000	145 746 000	223 647 000	133 076 000
Videreutlån	50 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000
Bruk av lån til videreutlån	50 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000
Avdrag på lån til videreutlån	8 647 004	10 025 438	11 357 923	12 645 992	12 645 992
Mottatte avdrag på videreutlån	8 647 004	10 025 438	11 357 923	12 645 992	12 645 992
Netto utgifter videreutlån	-	-	-	-	-
Overføring fra drift	-	-	-	-	-
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	-	-	-	-	-
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	- 700 000			-	-
Overføring frå drift	- 26 300 000	- 34 830 000	- 38 748 000	- 41 063 000	- 46 294 000
Sum overføring fra drift og netto avsetn.	- 27 000 000	- 34 830 000	- 38 748 000	- 41 063 000	- 46 294 000
Fremført til inndeckn. i senere år(udekket bel)	-	-	-	-	-

Vedlegg

Skriv frå kyrkjeleg fellesråd om behov drift og investering

Skriv frå kyrkjeleg fellesråd om innsparing

Skriv frå Sunnfjord Utvikling om innsparing

Referat frå drøftingsmøte med HTV/HVO

